

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre
Møtested: Hotel Alexandra, Loen
Dato: 18.03.2022
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 977 37 221. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/22	Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om tilbygg på sel - Dulsete - Per-Arvid Hauge		2021/8929
ST 3/22	Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om oppsetting av bru/klopp på Dulsete - Kåre Moen		2022/1061
ST 4/22	Sak - Breheimen NP - 2022 - Ny behandling av utsett sak frå 2019 (saksnr: 2019/8570-6) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra - Grotåe i Lundadalen - Eigarlaget Heimraster v/ Ola Moen		2019/8570
ST 5/22	Sak - Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2022 - Prioritering av tildelte midlar		2021/11729
ST 6/22	Referatsaker		
RS	Fagleg godkjenning av besøksstrategien for Breheimen NP.		2021/2684
ST 7/22	Delegerte vedtak		
DS 1/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Snødekt mark - Sota sæter - Styggevasshytta - JOSTICE		2021/3660
DS 2/22	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2022 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Arentzbu - DNT Oslo og omegn		2022/2726
DS 3/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorisert ferdsl - Vigdalen LVO - 2022-2025 - Oddvar Vigdal		2022/2710
DS 4/22	Delegert vedtak - Mysubytta LVO - 2022 - Dispensasjon - Transport av bagasje og utstyr - Ivar og Gudmund Teigen		2022/2653
DS 5/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av båt - Rolv Flækøy		2022/2568
DS 6/22	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2021 - Dispensasjon - Transport med helikopter eller snøskuter i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken		2021/12625
DS 7/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - transport av utstyr i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken		2021/12625

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2021/8929-9

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 08.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	2/22	18.03.2022

Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om tilbygg på sel - Dulsete - Per-Arvid Hauge

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Per-Arvid Hauge løyve til å oppføring av tilbygg på stølshuset på Dulsete. Tilbygget er heva 75 cm over bakkenivå, tilsvarande resten av stølshuset som ein tilpassing til flaumhendingar på stølsområdet. Tilbygget er 8,25 m2 og rommar utedo og bod med ein platting for å komme inn i tilbygget, jf. søknad frå grunneigar. Dette er ei erstatning for frittstående bygg som vart øydelagt i flaum i 2018, med same storleik og funksjon.

Løyvet gis med heimel i verneforskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, § 3 pkt. 1.3 a), og med følgjande vilkår:

- Tilbygget skal utførast i same stil som stølshus.
- Utedo/bod som vart øydelagt i flaumen 2018 skal rivast og fjernast heilt ned til tuftene bygget sto på.
- Sjøppel frå arbeidet med tilbygg og riving av tidlegare bygg skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområdet.
- SNO skal kontrollere at tilbygget er gjennomført i tråd med vedtaket

Vi gjer oppmerksom på at ved søknad om byggeløyve må kommunen også handsame søknaden etter plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om tilbygg på Dulsete frå Per-Arvid Hauge, datert 23.02.2022
- Rapport frå lokalt SNO, datert 10.08.2021
- Korrespondanse via brev haust 2021

Saksopplysningar

Nasjonalparkforvaltar fekk rapport frå Statens naturoppsyn i august 2021 om tilbygg på Dulsete som ikkje var omsøkt. Tilbygget omfattar trapp, plattning, utedo og bod som er bygd saman med eksisterande sel, noko som utgjør 8,25 kvm. Selet og tilbygget er heva 75 cm over bakkenivå. Det opphævelege selet vart oppført i 1992-93.

Etter skriftleg kontakt med grunneigar kom det fram at det vart oppfatta som tilbygget var å rekne som reparasjonsarbeid etter at flaum øydela tidlegare bod/utedo, då tilbygget har same storleik og funksjon som tidlegare. Bod/utedo sto tidlegare 10 meter søraust for selet som eige bygg. I etterkant av flaumen søkte grunneigar om helikopterløyve for å transportere materialar til reparasjonsarbeid. I denne søknaden var det ikkje nemnt noko om tilbygg.

Dulsete har vore utsett for mange flaumar i seinare år. Tidlegare har grunneigar fått løyve til å heve selet for at det betre skal tole framtidige flaumar. Då bod/utedo vart øydelagt i flaumen i 2018, meinte grunneigar at det vart tryggare å heve og bygge saman med eksisterande sel for framtida. Tilbygget vart oppført sommaren 2021 og skal ha same mål som tidlegare bygg.

Den tidlegare bod/utedo er ikkje fjerna.

Etter at nasjonalparksforvaltar påpeika at tiltaket var søknadspliktig, kom søknad om tilbygg, datert 23.02.2022. I søknaden seier grunneigar at han ikkje oppfattar tiltaket som ombygging eller utviding av eksisterande stølshus, men som eit sikringstiltak for framtidige flaumar. Dette med bakgrunn i at tilbygget erstattar eit tidlegare bygg.



Figur 1: Sel med tilbygg sett frå sørvest der buforvegen passerar selet. Foto: Liv Byrkjeland.



Figur 2: Selet med tilbygg sett frå søraust. Foto: Liv Byrkjeland.

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Verneformål – forskrift

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndigheit for verneområdet. Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande. Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarkar (jf. verneforskrifta § 2).

I verneforskrifta i § 3 pkt. 1.1 heiter det at området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt særpreg eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep. Som inngrep er mellom anna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar nemnt.

I § 3 pkt 1.2 bokstav a) heiter det at reglane ikkje er til hinder for vedlikehald av bygningar og andre anlegg. Vedlikehald skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast

landskapet. Vedlikehald omfattar ikkje ombygging eller utviding.

I § 3 pkt 1.3 bokstav a) heiter det at forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til ombygging og utviding av bygningar. I § 3 pkt 1.3 bokstav f) heiter det at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til riving av gamle bygningar, anlegg og innretingar og oppføring av nye med same storleik og for same bruk.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det mellom anna følgjande om bygningar generelt i verneområda i kap. 3.5:

- Det skal gjerast ei streng vurdering av søknader om byggjeløyve.
- Det er krav om løyve for ombygging og utviding av bygningar (jf. kap. 3.5.2). Ein gradvis utviding av bygningar vil kunne vere i strid med verneføremålet og verneverdiane knytt til urørd natur.
- Nasjonalparkstyret kan setje vilkår for å sikre at tiltak som det vert gjeve løyve til vert utført med omsyn til verneverdiane.
- All bygging skal tilpassast landskapet, og skje i samsvar med lokal og tradisjonell byggeskikk og eksisterande bygningsmiljø.

I kapittel 3.5.1 i forvaltningsplanen om vedlikehald av bygningar og anlegg står det definert kva som kan reknast som vedlikehald og kva som krev løyve frå forvaltningsstyresmaktene:

- Vedlikehaldet skal ikkje føre til at bygningane endrar fasade eller karakter. Dette inneber at tilbygg, utvendig ombygging, utviding eller endring av storleik, utsjånad eller funksjon ikkje vert rekna som vedlikehald, og slike tiltak krev løyve etter søknad til nasjonalparkstyret, sjå kap. 3.5.2.

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.2 Ombygging og mindre utviding (tilbygg) av bygningar står det at nasjonalparkstyre kan gje løyve til ombygging og mindre utvidingar, men at det skal førast streng praksis for dette. Alle endringar av bygningen sin karakter og synlege konstruksjonsendringar krev løyve frå nasjonalparkstyre.

Vidare seier retningslinene:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m².
- totalt bygningsareal på stølshus/seterhus/hytter i landskapsvernområda skal ikkje vere større enn 40 m².

I forvaltningsplanen kapittel 3.5.5 er gjenoppføring etter brann eller naturskade omtala.

- Etter søknad kan det gjevast løyve til oppattføring av bygningar som er øydelagde etter brann eller naturskade. Ny bygning skal i utgangspunktet vere lik den gamle med omsyn til areal og storleik. Nasjonalparkstyret kan stille vilkår om utforming, plassering, funksjon osv.
- Så lenge det gjeld oppattføring av identisk bygning på same stad (tomt) vil vanleg praksis vere å gje løyve til slike tiltak. Ved handsaming av slike søknader skal det t.d. gjerast ei vurdering kva funksjon bygningen har på staden eller i miljøet.
- I særskilte høve, og i samråd med søkjar, kan endra plassering og/eller utforming av bygningen vurderast dersom omsynet til verneverdiane tilseier det. Hovudregelen er likevel at bygningen skal stå på den opphavlege staden.

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Det er to faktorar som er uheldig i denne saka:

1. Tilbygget er ferdig bygd før søknad er sendt. Det er eit spørsmål om tiltakshavar ville fått løyve til å bygge på same måten om søknaden hadde kome i forkant. Nasjonalparkstyret kan krevje retting om tiltaket ikkje blir gjeve løyve. Difor kan nasjonalparkstyret handsame søknad om tilbygg som vanleg byggesak, og grunneigar må innrette seg vedtaket. Saka vil difor ikkje sette presedens for korleis nasjonalparkstyret skal handsame slike saker.
2. Det totale bygningsarealet på stølshuset overstig 40 m². I retningslinene i forvaltingsplanen kapittel 3.5.2 er det opna for at ein ved heilt spesielle tilfelle kan vike frå rammene som er gjeve der. Sidan tilbygget erstattar eit frittstående bygg med same storleik og funksjon vil ikkje totalt byggareal bli større. Samstundes er argumentet med tilpassing til framtidige flaumar spesiell for Dulsete, og dermed kan ein seie at dette er eit spesielt tilfelle som imøtegår retningslinene i forvaltingsplanen. Dermed vil presedensverknaden på eit løyve vere avgrensa

Vurdering

Nasjonalparkforvaltar meiner at tiltaket må vurderast som ei ombygging og utviding av eksisterande sel, då tilbygget endrar bygningens karakter og dimensjon, og det er gjort synlege konstruksjonsendringar, jf. forvaltingsplanen kap.3.5.2. Tiltaket krev difor at det skal søkast om løyve til tiltaket før det blir gjennomført.

I 2019 søkte grunneigar om helikoptertransport av materialar til reparasjonsarbeid etter flaumen i 2018. Der var ikkje tilbygg og utviding nemnt, og då det ikkje krev særskilt løyve til vedlikehald vart helikopterløyve innvilga.

Flaumen i 2018 løfte vekk utedo/bod frå steinfundamentet der den sto. Det har i seinare år vore mange flaumar på Dulsete som har stått høgt på bygningane. Grunneigar heva selet sitt 75 cm over bakkenivå i 2010 for å gjere selet meir flaumsikkert. Etter at utedo/bod vart øydelagt, ønska grunneigar å erstatte bygget med tilsvarande storleik og med same funksjon. Men for å gjere det meir robust mot kommande flaumhendingar, vurderte grunneigar at det var sikrare å feste det til eksisterande sel og sameleis løfte det over bakkenivå.

Også etter naturskade skal det søkjast om løyve til å oppattføring av bygg. Hovudregelen er at oppattført bygning skal stå på same staden. I dette tilfelle er plasseringa flytt med bakgrunn i fleire flaumhendingar som har vore opptil 180 cm over bakkenivå ved selet. Funksjonen og storleiken er den same som tidlegare frittstående bygg.

Stølshuset vart bygd i 1992-93, før Mørkridsdalen vart eit landskapsvernområde. Selet er 6m *7m stort, med eit inngangsparti/veranda på nordsida. Bygget ligg lengst sør på Dulsete med 65 meter til næraste nabo. Bygget hadde allereie før utvidinga eit bygningsareal som er større enn retningslinene i forvaltingsplanen seier (40 m²). Med tilbygget er bygningsarealet kring 50 m² pluss veranda på nordsida av bygget.

Klimamodellar seier at ein kan vente seg fleire flaumhendingar i framtida. Erfaringar dei siste åra gjer det naturleg å tenkje på klimatilpassingar, også når det gjeld bygningar. Ved å bygge identisk utedo/bod oppatt på same stad, vil bygget vere utsett for framtidige flaumar.

Det er uheldig at tiltaket er gjennomført utan søknad og i samråd med forvaltinga, då forvaltinga ville kunne hatt noko å seie i forhold til plassering, storleik, funksjon og utforming. Sjølv om dette er ein naturskade, skal dialogen skje i forkant av tiltaket.

Stølshuset ligg noko for seg sjølv på stølen Dulsete. Stølshusa her ligg i ytterkant av slåttemarka med steingjerde rundt. Det aktuelle stølshuset er eit relativt nytt bygg som er vurdert til å ikkje ha kulturminneverdi, og kulturminnestyresmaktene har difor ikkje vore involvert i denne saka.

Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. I skjøtelsesplanen for Mørkridsdalen (NIBIO rapport 3), har Dulsete både slåttemark (verdi B, viktig), slåttemyr (verdi B, viktig) og naturbeitemark (verdi B, viktig). Det er ikkje registrert raudlisteartar på stølen. Om kulturminne står følgjande i skjøtelsesplanen: *Lokaliteten er rik på kulturminne frå den tidlegare stølsdrifta og det førekjem fleire stølshus og tufter etter tidlegare løer. Elles finst ein lengre steingard og fleire steinstolpar. Det er ingen registreringar av arkeologiske kulturminne i lokaliteten, men dette kan skuldast at området ikkje har vore undersøkt av fagfolk.* Tilbygget er ikkje i konflikt med registrerte kulturminner på Dulsete. Tiltaket er gjennomført med materialer som tidlegare er transport til staden og på ein støl med mykje besøk og bruk. Då tilbygget skal erstatte tilsvarande bygg på same naturbeitemark, vurderast tiltaket å ha liten påverknad på økosystemet ut frå samla belastning, jf. naturmangfoldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Tiltaket inneber å sette tilbygget på støtter i grunnen, noko som kan reverserast. Det skal ryddast opp etter gjennomført arbeid og materiale og utstyr skal takast ut or området (naturmangfoldlova § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (naturmangfoldlova § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfoldlova §11).

Konklusjon

Det gjennomførte tiltaket som er grunneigar søker om at skal stå slik det er i dag, er søknadspiktig etter verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde, då bygget har endra karakter og det er synlege konstruksjonsendringar, jf. forvaltingsplanen kap. 3.5.2. Nasjonalparkstyre kan gje løyve etter søknad til ombygging og utvidingar av bygningar, jf. § 3 punkt 1.3 a) i verneforskrifta.

Då utedo/bod vart øydelagt av flaum i 2018, ønska grunneigar å tilpasse seg situasjonen med stadig oftare klimarelaterte flaumar. Dette vart gjort gjennom å bygge eit tilbygg til stølshuset med tilsvarande funksjon og storleik som tidlegare frittstående bygg.

Når tilbygget er bygd, kan restene etter tidlegare bygg fjernast og totalarealet for bygg vil vere det same. Dette er meint som klimatilpassingstiltak på eit flaumutsett stølsområde, og tiltaket vil kunne hindre skadar på bygg i framtida. Sjølv om bygningsarealet overstig retningslinene i forvaltingsplanen, blir ikkje totalarealet større enn det hadde blitt bygd på same staden. I dette tilfelle med flaumutsett stølsvoll og ein konkret funksjon, vil det kunne vere grunnlag for å vike frå rammene på totalareal. Det er ingen kjente verneverdier som er direkte påverka av tiltaket, og tilbygget vil ha liten påverknad på stølsmiljøet på Dulsete.

Grunneigar har ikkje hatt naudsynt løyve då tiltaket vart gjennomført. Det er uheldig då nasjonalparkforvaltinga skal godkjenne og kunne sette vilkår om utforming, plassering, funksjon osv.

I etterkant kan vi ikkje sjå at tiltaket har påverka verneverdiane negativt, samt at fleire flaumhendingar gjer at det vil vere naudsynt å tilpasse seg endringar i klima.

Med heimel i verneforskrift for Mørkridsdalen LVO § 3 pkt. 1.3 a) meiner nasjonalparkforvaltar at det er grunnlag for å gi løyve til omsøkt tilbygg på Dulsete, med same storleik og funksjon som tidlegare bygg som vart øydelagt i naturskade. Eit vilkår vil vere å fjerne materialer frå tidlegare bygg heilt til tuftene den sto på.

Breheimen Nasjonalparkstyre, v/Styret

Postboks 987

2604 LILLEHAMMER

MOTTATT

Skjolden, 22. februar 2022.

Att: Trygve Snøtun

23 FEB. 2022

Lillehammer
Statsforvalteren i Innlandet

Søknad om godkjenning av flaumreparasjonstiltak på Dulsete, der eg har festa kombibbygg til stølshus.

Vedlegg nr. 1. Kopi av brev, mottatt 08.02.2022. (1 stk A-4 ark)

Viser til dykkar brev 31.08.2021, dykkar ref: 2021/8929-5 432.2, **som eg mottok, den 08.02.2022.** Eg vil med dette, slik de ber om i dykkar brev som eg mottok **08.02.2022** søka om å få godkjent det kombibyggesettet som eg har flydd fram med helikopter, **sjå søknadsbrev av 31. mai 2019.**

Vedlegg nr. 2. Tegningar av nytt kombibbygg, (5 stk. A-4 ark).

Eg har no leigd snikkarar som har bygd opp dette kombibyggesettet på Dulsete og då dei såg på tomta der kombibygget stod før flaumen, 13 – 14. okt. 2018, kom me fram til at høgst sansynleg ville det vera mykje sikrare og festa dette nye kombibygget til stølshuset, **bygd i 1992-93**, der alle naboar, 26/1 – 26/2,4,5 - 24/1 - 24/2 - 24/4 på Dulsete skreiv under på nabovarselet, **utan merknader.**

Ingen av dei som skreiv under på **nabovarselet i 1991** tenkte på nokon flaumfare på Dulsete, slik me har opplevd **5 stk. gonger i perioden 2009 og fram til 2018**, og heile Dulsete overflømd av vatn. Fleire av desse naboane hadde dreve på med støling på Dulsete heilt tilbake til 1930-talet.

Naboane har ikkje opplevd flaumar på Dulsete der heile Dulsete-området har stått under 1,5 meter med flaumvatn. Såleis var det heller ikkje nokon som stilte spørsmål ved om det kunne vera trygt for nokon av oss som hadde byggjerettar til stølshus, og kombibbygg, med utedo/vedbod på Dulsete.

Difor er det som har skjedd i heile Mørkridsdalen Landskapsvernområde, **inkl. på Dulsete**, noko som har ført til at me som har stølshus i dette området, no må sikra oss mot nye «stytregnflaumar» som me no har hatt 5 stk av, sept. 2009, juli og okt. 2010, oktober 2014 og den siste 13-14 okt 2018.

Planen min var å setja oppatt eit nytt og meir solid kombibbygg og i same storleik som det eg hadde på Dulsete før flaumen i oktober 2018, og slik eg har beskrevet dette i mitt helikoptersøknadsbrev av 31.mai 2019, og på same stad som kombibbygget som vart tatt av styrtregnflaumen 13-14. okt. 2018.

Vedlegg nr. 3. Kopi av bilder frå Dulsete (1 stk A-4 ark som viser flaum-merke på stølshus).

Eg legg ved nokre bilder frå stølshuset på Dulsete, og korleis stølshuset ser ut no høsten 2021. Her ser ein korleis flaumane har arta seg i stølshusområde i perioden **frå sept. 2009 til okt 2018.**

Eg søkte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane etter år 2010, som representerte vernemyndigheita då, om løyve til å heva heile stølshuset ca 70 cm, som eg fekk løyve til **og som no er heva til dagens nivå.**

Flaum-merkelistene som eg har festa på stølshuset no, er festa på veggen på dei plassane som har vore høgste flaumstand på stølshuset på dei ulike 5 stk styrtregn-flaumane som har vore sidan 2009.

Eg har gjort dette for å visa meg sjølv og andre korleis flaumane artar seg på Dulsete, når det er flaum. For dei fleste av oss var utenkeleg på den tida stølshuset vart bygd i 1992-1993, **å tenkja slik.**

Flaum-merke i Jostedalen i 1897 og 1979 er god info. Kan og eit flaum-merke på Dulsete vera bra.

Side 2

Eg har fått mange artige spørsmål om flaumårsaker og reparasjonar etter flaumane på Dulsete. Ein person lurte om planen for steingjerde rundt stølsvodl, var å omforma den til ein kyrkjegardsmur. Ein anna lurte på om eg satsa på husbåt. Ironisk svara eg, anten blir det husbåt eller Noas Ark i miniatyr.

Kombibygget som me bygde i 1992-1993 vart ikkje heva når me heva stølshuset, for me trudde at dette var godt nok festa i grunnen. Om det kom vatn inn i kombibygget ville skadene bli mindre. I 2014 fekk kombibygget «seg ein trøkk, men stod han av».

I 2018 vart det GAMLE KOMBIBYGGET tatt av flaumen og ført nedover med flaumvatnet til skogområdet i sørenden av stølsgjerde på Dulsete, der det no står «på halv åtte».

Først tenkte eg at eg skulle kutta opp heile dette kombibygget til ved/brensel, men har no kommet til at eg vil nytta takplatene og litt av dei 2 x 4 toms boks til «å tekja over veden» som eg vil lø opp 200 – 300 sør for stølshuset, i retning mot sør og der er det mykje gode trer som eignar seg til ved. Område ligg kansje 5–6 meter høgare enn stølshuset, slik at då vil eg alltid ha tilgang til god turr ved.

Min konklusjon, og som eg søker Breheimen Nasjonalparkstyre om godkjenning på.

Som eg har gjort rede for ovanfor, så er dette nye kombibygget som eg no har sett opp på Dulsete, og som er festa på/skrudd på sjølve stølshuset som har stått på staden gnr 26/21 sidan 1992. Då er dette nye kombibygget ein erstatning for det kombibygget som vart tatt av flaumen i 2018.

Såleis meiner eg at dette nye kombibygget som no er festa på sjølve stølshuset heller ikkje er noko ombygging eller utviding av eksisterande stølshus, men at det er eit forsøk på eit sikringsiltak som kan gjera at dette nye kombibygget no vil stå noko tryggare mot å bli tatt av flaumskader, eller om eg hadde bygd kombibygget oppatt der det stod før, ca. 10 meter sør/vest for sjølve stølshuset.

Vedlegg nr. 4. Sjå stølshusbilde høsten 2021, som viser korleis kombibygget/stølshus ser ut no.

Som ein også ser på bilde, så har no det nye kombibygget samme kledningsfasade som kledningen på Stølshuset, nemleg 4 toms kledningsbord under og 6 toms kledningsbord utanpå.

Eg har også skrudd på liggande imp. terrassebord på pålane som stølshuset står på, slik at bygning ikkje skal virka så høg og ruvande (som eit Thai-hus). Dette er etter råd frå fagfolk på bygningar.


PRIMERSØKNAD:

Eg søker med dette Breheimen Nasjonalparkstyre om at KOMBIBYGGET, som er påskrudd stølshuset, og som eg lagd ved tegning på, kan få stå slik det kjem fram på ulike bilder frå Dulsete. Eg meiner at eg ikkje har ombygd eller utvida eksisterande bygning på Dulsete, men at eg har festa det nye kombibygget, til erstatning for det gamle, på ein flaumforebyggande måte og spesielt med tanke på mange fagfolk sine spådomar om fleire og endå større flaumar i Mørkridsdalen i framtida.

SEKUNDÆRSØKNAD:

Om Breheimen Nasjonalparkstyre ikkje vil godkjenna at kombibygget som er skrudd fast i stølshuset, kor langt frå stølshuset må eg då flytta kombibygget (utedo og vedbod) for at det skal bli godkjent. Eg håpar også at eg, uansett om kombibygget kan stå slik som i dag eller om eg må flytta kombibygget, at det nye kombibygget kan stå på ein slik måte at eg på ein eller anna måte kan festa kombibygget til stølshus i ca 70 cm høgde over bakken bl.a. med fare for at nye spådde flaumar kan ta kombibygget.

Eg håpar at å unngå framtidige flaumskader på Dulsete på mitt stølshus, kan vera eit poeng å ta hensyn til når de i Breheimen Nasjonalparkstyre vil gjera dykkar vedtak i denne flaumsikringsssaka.



Med helsing

Per-Arvid Hauge, Lustravegen 4350, 6876 Skjolden

4 stk. vedlegg.



Breheimen
nasjonalparkstyret

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 57 64 31 39
sfinpost@statsforvalteren.no
http://www.nasjonalparkstyret.no/breheimen

VEDLEGG NR 1

Per-Arvid Hauge
Lustravegen 4350
6876 SKJOLDEN

MOTIATT: 08.02.2022 i 6876SKJOLDEN

Saksbehandlar Trygve Snøtun

Vår ref. 2021/8929-5 432.2

Dykkar ref.

Dato 26.10.2021

Mørkridsdalen landskapsvernområde - Dulsete - Tilbygg sel - Svar - Per-Arvid Hauge

Viser til svar frå dykk datert 16.09.2021, 03.10.2021 og 02.11.2021 på brev datert 31.08.2021 sendt frå underteikna.

Saka:

Breheimen nasjonalparkstyret fekk sommaren 2021 rapport frå Statens naturoppsyn om at det er kome eit nytt tilbygg på selet til Per-Arvid Hauge på Dulsete. Tilbygget omfattar trapp, platting, utedo og bod utfrå bileta. Dette var så langt vi visste ikkje omsøkt eller gjeve løyve til av nasjonalparkstyret. Etter verneforskrifta er det forbod mot inngrep som til dømes oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretingar, jf. § 3, punkt 1.1. Ombygging og utviding av bygningar er søknadspliktig etter verneforskrifta, og blir i Mørkridsdalen LVO handsama av Breheimen nasjonalparkstyret. Nasjonalparkforvaltar sendte brev til grunneigar og ba om å få saka betre opplyst. Svar kom i form av tre brev datert 16.09.2021, 03.10.2021 og 02.11.2021.

Brev datert 16.09.2021:

Per-Arvid viser til søknad datert 31.05.2019. Det vart då søkt om løyve til helikoptertransport i samband med reparasjonsarbeid etter flaumen i 2018, noko som vart innvilga. I søknaden vart det ikkje sagt noko om ombygging og utviding. Breheimen nasjonalparkstyret har difor ikkje handsama eller gjeve løyve til til dette.

Brev datert 03.10.2021

Per-Arvid nemner i dette brevet fleire saker på Dulsete der han ikkje er nøgd med forvaltninga; tiltak på andre bygningar, slått på Dulsete, helikopterbruk i samband med klopplegging på Dulsete, og manglande tilbakemelding på ønskje om klopp over Råselvi. Med dette som bakgrunn verkar det som han meiner det er urimeleg at han må søkje om løyve til ombygging og utviding.

Brev datert 02.11.2021

Per-Arvid viser til svar frå Luster kommune. Luster kommune ser på saka som avslutta sjølv om det ikkje vart søkt på førehand. Vidare skriv han at hans fokus var på å rette oppatt skadene etter flaumen og at han difor ikkje fekk gjort papirarbeid på rett måte.

VEDLEGG NR 1

Vurdering:

Nasjonalparkforvaltar meiner at dei nemnte sakene i brev datert 03.10.2021 i utgangspunktet ikkje har så mykje med krav om søknad i samband med ombygging og utviding av selet på Dulsete å gjere. Likevel skal eg forsøke å svare på nokre av spørsmåla som blir stilt, sjølv om eg ikkje har førstehandskunnskap i alle sakene.

Tiltak på andre bygningar: Breheimen nasjonalparkstyre har forvaltingsansvar i forhold til verneforskriftene i Breheimen, derunder Mørkridsdalen landskapsvernområde. Kva som er lov og ikkje står i verneforskriftene og meir utdjupa og presiserer i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen. Nasjonalparkstyret vurderer tiltak opp mot verneformål og vernereglar etter dette lovverket.

Parallelt med verneforskrifta gjeld også plan- og byggingslova. Ansvar for dette lovverket ligg hos kommunane. Plan- og byggingslova er meir detaljert på gjennomføring av byggetiltak, m.a. nabovarsel.

Slått på Dulsete: Naturmangfaldlova (nml) § 47 gir forvaltingsstyresmaktene rett til å gjennomføre skjøtselstiltak i verneområder for å oppretthalde/oppnå natur- og/eller kulturtilstanden som er formålet med vernet. Grunneigar skal, om mogleg, involverast i prosessen. Involvering av grunneigarane kjenner eg ikkje historia til, men har funne eit brev der tidlegare forvaltar ber om årsak dersom nokon meiner dei ikkje har vore involvert. Det må likevel presiserast at forvaltingsstyresmakta kan gjennomføre skjøtselstiltak sjølv om grunneigar ikkje er samd, dersom dei meiner det er viktig for verneverdiane i eit verneområde.

Helikopterbruk ved klopplegging: Ved klopplegging over fuktige områder ved Dulsete, ba Breheimen nasjonalparkstyre Statens naturoppsyn (SNO) om å utføre dette arbeidet. Igjen gjer nml § 47 forvaltingsstyresmakta høve til å utføre tiltak for å kanalisere ferdsel. Vidare gir naturoppsynslova § 3 SNO løyve å nytte motoriserte køyretøy, herunder også helikopter, for å gjennomføre sine oppgåver. Sjølv om det er eit ønskje og mål å ha eit tett samarbeid med grunneigarar i samband med tiltak, var det ikkje i dette tilfelle pålagt å be om løyve frå grunneigarane.

Klopp over Råselvi: Underteikna hadde eit møte med Kåre Moen som hadde med ei skisse over ei ny bru over Råselvi. Der etterspurte underteikna behov for ei slik bru. Dette vil vere viktig for at nasjonalparkstyret skal kunne handsame saka. Viser til Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.2.1 og retningslinene som står der. Underteikna forsto det slik at søknaden ville bli omarbeidd noko for å imøtegå desse retningslinene.

Konklusjon:

Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer ein søknad om ombygging og utviding av eksisterande bygning i Mørkridsdalen landskapsvernområde innan 01.03.2022. Breheimen nasjonalparkstyre kan gje løyve etter søknad til slike tiltak, jf. § 3 pkt 1.3 a) i Forskrift for Mørkridsdalen LVO. Viser til dei generelle retningslinene i kapittel 3.5 i forvaltingsplanen om kva ein søknad skal omfatte og retningslinene i kapittel 3.5.2 for ombygging og mindre utviding av bygningar.

Om det er spørsmål eller nokre som er usikre, ta gjerne kontakt med forvaltar.

Med helsing

Trygve Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

VEDLEGG NR 2


Kombibbygg dulsete Per Arvid Hauge



VEDLEGG NR 2


Kombibygge dulsæte Per Arvid Hauge

Bjelkelag




Bjelkelag 98x48. Golvbord 100x20mm

Bjelkelag med golvbord




VEDLEGG NR 2

Kombibygget dulse Per Arvid Hauge



VEDLEGG NR 2

Kombibygg dulsete Per Arvid Hauge




VEDLEGG NR 2

Kombibygge dulsete Per Arvid Hauge

Lages i 3 stk.

Reisverk for endevegger og skillevegg



VEDLEGG NR 3



Den siste flaumen var ca 180 cm over bakkenivå. Skilt på hytteveggen fortel kva nivå dei siste flaumane har vore på.



BYGD PÅ
BAKKE NIVÅ
I 1992-1993.
HEVA ca 70 cm
ETER ÅR
2010.

Bygningen står på pålar og golvet er trebjelkelag. Veggene er oppsett av bindingsverk, er delvis isolerte etter byggetida sine.

SJÅ OG PÅ PÅ BAKSIDA
VEDLEGG NR 4



P.S.
60 m³ malmstein på bakside


BYGD I
ÅR 2020-2021

BYGD I 1992-1994

P.S. BYGD PÅ BAKKEN I VÅ, NORD

MEN HEVA ca 70 cm ETTER ÅR 2010
LØVE FRÅ FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

← SØR



⬆️ (C)

BYGD I
ÅR 2020/2021

⬆️ (A)

OPPRINNELEGG BYGG,
BYGD I ÅR 1992-1994

⬆️ (B)

HEVA ca 70 cm
ETTER ÅR 2010

ERSTATTET BYGG
TATT AV ELAUM I ÅR 2018

ÅR 1991

NR 4 LEDLEGS NR 4

ing, eller overføres til adressen på kvitteringen. Hver gang der sættes et nyt nummer på kvitteringen.

Indbyrdes eggen

adresse

for telefonnummeret sendes

Personlig kvittering for modtagne varsel

26 1

Thorsøvej

Thorsøvej 5833

Jeg er modtaget

26 2-4-5

Thorsøvej

Thorsøvej 5833

19/1-91 Johannes Hansen

24 1

Thorsøvej

Thorsøvej 5833

15/1-91 Johannes Hansen

24 2

Thorsøvej

Thorsøvej 5833

10/1-91 Johannes Hansen

24 4

Thorsøvej

Thorsøvej 5833

10/1-91 Johannes Hansen

Det skal bemærkes at det er en fejl, hvis kvitteringen ikke sendes til ovennævnte adresser.

Samt til av. sendinger.



10/1-91
5833 SKJOLDEN

Breheimen Nasjonalparkstyre,
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

6876 Skjolden, 16. september 2021

Att: Trygve Snøtun

MOTTATT

21 SEPT. 2021

Lillehammer
Statsforvalteren i innlandet

Vedr. saksnr. 2021/8929

Eg viser til dykkar brev av 31.08.2021, der de etterlyser kopi av papir i saka.

Eg viser til mitt brev av 31. mai 2019, (**Sjå vedlegg nr. 1**) der eg meiner eg har beskrevet korleis eg vil gjera dette reparasjonsarbeidet med å få på plass att eit byggverk som har samme funksjon som det byggverket som vart tatt av styrtregnflaumen i oktober 2018, men som må vera endå bedre forankra enn tidligare.

Dette er no gjort, og er slik de har beskrevet det i dykkar innledning i brevet, og i tillegg har eg også sett opp ein liten treboks, som skal ha plass til 2 gassflasker. Dersom det blir gasslekkasje, så skal gassen koma på utsida av bygget og ikkje inne, då gasslangen skal gå gjennom veggen og ut til gassflaskene i trekassen på utsida. Gasslekkasje kan føra til alvorlege ulukker, slik ein har sett ein del av dei seinare åra.

Heile byggverket, inkl. utedo og bod/vedahus, på Dulsete, er no endå bedre forankra i bakken enn tidligare, og i tillegg til at det er like høgt over bakken som hovedbygget.


Planen min er å flyga fram nokre galvaniserte stålbjelkar i 2022 eller 2023, som eg vil grava ned i bakken langs byggverket, slik at eg kan festa kjetting eller wire i desse stålbjelkane og så festa dette i byggverket, slik at ikkje nye flaumar skal kunna ta med seg byggverket, slik det skjedde med utedoen/bod/vedahuset som eg hadde før.

Eg har tatt ut isolasjon var i byggverket før 2018, og det er heller ikkje nytta isolasjon i utedo/bod/vedahuset, slik at det ikkje skal danna seg gass eller roteskader, dersom det på nytt vil koma flaumvatn i byggverket, slik det har skjedd tidligare.

No er heile byggverket ca 75 cm over bakkenivå, slik eg har søkte om løyve til tidligare. Som ein ser på flaumnivå-listene på utsida av byggverket, så kan flaumvatnet ved nye flaumar koma inn i bygget, og eg har såleis bygt det slik at vatnet skal koma lett inn i bygget, men såleis også kunna koma lett utatt, i håp om at bygget ikkje skal bli tatt av nye flaumar, som fagfolka har spådd vil koma i framtida.

Eg håpar dette er opplysningar om flaumskadesaka, som er tilfredsstillande for dykk.

Med helsing



Per-Arvid Hauge, Lustravegen 4350, 6876 Skjolden

2 stk. vedlegg (Kopi av brev av 31. mai 2019 og kopi av brev av 13.06.2019)

Breheimen Nasjonalparkstyre, v/nasjonalparkforvaltar Bente Støa
Postboks 987
2604 Lillehammer

P.S.

Brevet blir levert på rådhuset i Gaupne.

Eg håpar servicetorget i Gaupne kan formidla dette til rette sakshandsammar.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, v/Miljøavd
Njøsabakken 2
6863 Leikanger

Skjolden, 31. mai 2019

Statens Naturoppsyn, v/Liv Byrkjeland
Rådhuset
6868 GAUPNE

Luster Kommune, v/Landbrukssjef Magnus Snøtun
Rådhuset
6868 Gaupne

SØKNAD OM HELIKOPTERLANDINGSLØYVE TIL STØLEN DULSETE.

Eg vil med dette søke om inntil fire landingsløyver på stølen Dulsete i 2019 og eit løyve i 2020.

Det har sidan 1. sept. 2009 vore 5 flaumar på Dulsete, den første i sept. 2009, juli og okt. i 2010, oktober 2014 og no sist i oktober 2018, og i følge fagfolk blir det fleire av denne typen flaumar

Bakgrunnen for behovet for landingsløyve er «**STYRTREGNFLAUMEN**» 13 – 14 – 15 okt. 2019 der vatnet på det høgste stod ca. 175 cm over bakkenivå, og ca. 75 cm over golvet inne i bygget, med store vass-skader innvendig på innventar, m.m. og at vedahuset/utedoen vart tatt av flaumen.

Det har vore ein takstperson frå forsikringsselskapet og taksert skadene og saka er ferdig behandla, slik at eg no kan starta dette reparasjonsarbeidet og målet er å bli ferdig med alt iløpet av neste år.

Eg har i dag, 31. mai 2019 vore i telefonkontakt med landbrukssjef Magnus Snøtun og leiar i Skjolden Grunneigarlag, Kjell Einar Ormberg, om dette med helikoptertransport til Dulsete.

Kjell Einar Ormberg anbefalte meg, slik han også har anbefalt Jon Bolstad, å søka sjølv slik at dei landingsløyva som Skjolden Grunneigarlag har i Mørkridsdalen kan vera til bruk i spesielle tilfelle som kan oppstå i samband med behovet for helikopterlandingsløyve framover i Mørkridsdalen.

Eg søker såleis om inntil 4 landingsløyver no i sumar og høsten 2019, og 1 landingsløyve i 2020, i tilfelle det skulle bli behov for å supplera noko og/eller at eg må flyga heimatt avfall og utstyr som har blitt brukt i reparasjonsarbeidet på stølen på Dulsete.

Eg har antyda til forsikringsselskapet at eg vil senda dei ein sluttrapport, inkl. bilder, i år 2020, slik at deira takstperson kan foreta ein sluttinnspeksjon, og at dei kan få avslutta erstatningssaka.

Eg vil forankra bygningane ennå bedre i bakken enn dei er no, slik at dei ikkje vil bli tatt av flaumvatnet, slik vedahuset/utedoen vart tatt i oktober 2018.

Såleis vil eg forsøka å henga opp under taket, slik som inventar, senger, m.m. inne i bygget.

Forsetter desse flaumane kan eg risikera at forsikringsselskapet ikkje vil dekkja denne typen skader lenger, utan at eg gjer forbedringar, og eg vil såleis denne gangen prøva å få til forbedringar.

Når det gjeld flygetidspunkta vil eg prøva så godt eg kan å samordna dette med andre som vil bruka helikopter til å flyga i Mørkridsdalen, og også gje melding til dei instanser som skal ha melding om at eg har brukt helikopter til transport av materialer og utstyr, m.m. til Dulsete.

Det kan også bli behov for å flyga heimatt isolasjon og annan avfall etter dette reparasjonsarbeidet er ferdig, **og det er såleis viktig at eg kan få tildelt eit løyve i 2020**, som såleis kan brukast til å flyga heimatt avfall, m.m.

Det er hengt opp trelister med datoar og årstall på, **på utsida av bygget**, slik at det skal vera lett å sjå kor høgt vatnet har stått på DULSETE i dei ulike flaumane som har vore sidan 1. sept. 2009.

Eg viser desse trelistene med datoar på til folk som går forbi og dei er svært overraska over at vatnet kan ha stått så høgt på denne store stølsvodl på Dulsete.

Eg seier eg har lært av flaummerka dei har i Jostedalen, for også i Jostedalen ser det utruleg ut, men alle veit at flaummerka er sanne.

Eg ser fram til eit svar, slik at eg kan starta med å samordna helikopterflyging og at snikkaren kan få beskjed om når eg reknar med at materialane er på plass på Dulsete.

Med helsing



Per-Arvid Hauge
Lustravegen 4350
6876 Skjolden



**Breheimen
nasjonalparkstyre**



Besøksadresse
Skjåk utmarksenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 57 64 31 31
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Per-Arvid Hauge
Lustravegen 4350
6876 SKJOLDEN

Saksbehandlar Bente Støa

Vår ref. 2019/12915-1
PRIMÆRKLASSERING

Dykkar ref.

Dato 13.06.2019

Delegert vedtak - dispensasjon - Mørkridsdalen LVO - helikopter - Dulsete - Per-Arvid Hauge

I medhald av brev frå Miljøverndepartementet datert 17.02.2012 har Breheimen nasjonalparkstyre i styremøte 11.02.2013, sak 32/2013, og i styremøte 05.04.2016, sak 7/2016, gjort vedtak om å delegere handsaming av einssilde saker til nasjonalparkforvaltaren. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Breheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker som gjeld dei spesifiserte dispensasjonsreglane om ferdsel i verneforskriftene for verneområda i Breheimen og etter naturmangfaldlova § 48, der det m.a. ligg føre etablert forvaltningspraksis frå saker behandla av styret i tilsvarende sak.

Dokument i saka:

Søknad om helikopterlandingsløyve til stølen Dulsete, frå Per-Arvid Hauge, datert 21. mai 2019

Søknaden:

Per-Arvid Hauge søkar om løyve til inntil fire landingar sommaren 2019 til reparasjonsarbeid på stølen Dulsete etter flaumen hausten 2018. I tillegg søkar han om løyve til ei landing i 2020 i tilfelle det vert behov for å supplera noko, eller om det vert behov for å flyga heimatt avfall og utstyr som har blitt brukt i reparasjonsarbeidet.

Arbeidet som skal gjerast går mellom anna ut på å forankra bygningane betre i bakken, slik at dei ikkje blir tekne av flaumvatnet, og henga inventar, senger med meir opp under taket inne i bygget, slik at dei ikkje blir skadd av vatn.

Søkar vil prøva så godt han kan å samordna flyginga med anna helikopterflyging i Mørkridsdalen.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009.
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen

Verneforskrift og verneformål:

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit for verneområdet. Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi. Etter

Nasjonalpark	Breheimen
Naturresevat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde, er motorferdsel på land, på vatn, og i lufta under 300 m frå bakken forbode (verneforskrifta § 3 pkt. 6.1), med unnatak gjeve i pkt. 6.2 og 6.3. Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 f) kan forvaltningsmyndigheita gi løyve til bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar.

I vurderinga av søknaden skal forvaltningsmyndigheita også gjere greie for bruken av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12, jf. § 7.

I sak 32/13 datert 14.02.2013 vedtok Breheimen nasjonalparkstyre delegeringsreglement til nasjonalparkforvaltar. Løyve etter § 3 pkt. 6.3 bokstav f) er delegert vidare til nasjonalparkforvaltar.

Vurdering:

Ein sentral del av verneføremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap, med mellom anna kulturell verdi og opplevingsverdi, og som er identitetsskapande. Vidare er det eit konkret mål å ta vare på stølar og stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker. Vedlikehald av stølshus er her viktig. Føremålet med den omsøkte flyginga er å flyge inn materiale for å reparere eit sel på Dulsete.

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i verneområdet då dette kan ha negative effektar på verneverdiane gjennom forstyrring, slitasje og støy, men etter verneforskrifta kan forvaltningsmyndigheita gi løyve til det omsøkte tiltaket.

I høve dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er påverknaden knytt til motorferdsle i området, ikkje nokon tekniske inngrep el. Kunnskapsgrunnlaget er godt dokumentert gjennom verneplan for Breheimen med kartleggingar og konsekvensutgreiing og etter 9 års forvaltingspraksis. Det føreligg såleis god oversikt over kva som påverkar natur- og kulturmiljøet i områda (jf. naturmangfaldlova § 8). Fråver av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i utmark generelt, og stort omfang av motorferdsel vil kunne vere uheldig for både fugle- og dyrelivet, og kan i tillegg påverke naturopplevinga i verneområdet. Det vart i 2018 gjort ei sårbarheitsvurdering av rovfugl i Mørkridsdalen. Det vart her identifisert eit sårbart område for kongeørn i dalen. Området ligger hovudsakeleg på vestsida av dalen, og ein bør derfor flyge på austsida av elva inn til Dulsetesvåi. Tiltaket gjennomførast i ei tid der det normalt er mykje friluftsliv i området. Men forvaltninga ser det som naudsynt for verneverdiane å halde ved like stølshusa i dalen. Konsekvensane for verneverdiane vert såleis alvorlegare ved manglande vedlikehald og reparasjon etter flaumen, enn ved den omsøkte flyginga med helikopter. Etter ei konkret vurdering meiner ein at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lita vekt i saka (jf. naturmangfaldlova § 9). Tiltaket er naudsynt for å reparere selet og flaumen var ei ekstraordinær hending. Tiltaket vil såleis ikkje skape presedens for andre og den samla belastninga er vurdert å vere liten (jf. naturmangfaldlova § 10). Det er ikkje aktuelt å stille fordyrande vilkår, og prinsippet om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar er ikkje relevant (jf. naturmangfaldlova § 11). Bruk av helikopter er effektivt og er vurdert å vere den beste løysinga i dette tilfellet (jf. naturmangfaldlova § 12 prinsippet om Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode). Tiltaket vil ikkje setja varige spor, men vil gi støy i eit avgrensa tidsrom.



Konklusjon

Då tiltaket er naudsynt for å få reparert selet til Per-Arvid Hauge og då bruk av snøskuter eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar er heimla i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 f, meiner ein at tiltaket kan gjennomførast på visse vilkår.

Vedtak:

I samsvar med delegasjonsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren å gje Per-Arvid Hauge løyve til inntil 4 landingar på Dulsete sommaren 2019 og ei landing i 2020 for frakt av materiala til reparasjon av selet.

Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta for Mørkridsdalen landskapsvernområde, § 3 pkt. 6.3 bokstav f. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

Vilkår

- Løyvet gjeld for perioden 7. juni til 30. oktober i 2019 og 2020.
- Flyging skal ikkje finne stad på heilagdagar og på sundagar.
- Flyginga skal skje med aktsemd for å unngå skade på naturmiljø og av omsyn til friluftsliv.
- Søkar skal om mogleg samordne flyginga med anna flyging i området.
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til lokal SNO, som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar. Her er omsynet til kongeørn spesielt relevant. Dersom fleire turar skal gjennomførast i ei avgrensa periode, kan dette varslast samla.
- Løyvet til motorferdsel skal vere med under transporten.
- Kortfatta rapport om helikoptertransporten med opplysningar om dato for flyging, tal, turar og føremål skal sendast Breheimen nasjonalparkstyre innan 1. november 2020.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

Med helsing

Bente Støa
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Statens Naturoppsyn v/Liv Byrkjeland
Luster kommune
Fylkesmannen i Vestland



Arkivsaksnummer: 2022/1061-2

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 10.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	3/22	18.03.2022

Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om oppsetting av bru/klopp på Dulsete - Kåre Moen

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre avslår søknad om å bygge bru/klopp over Råsaelvi på Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret meiner det er ikkje er dokumentert behov for tiltaket. Området er allereie tilgjengeleg for folk og beitedyr og vinsten i ny bru/klopp er liten. Vidare er bru/klopp planlagt i eit flaumutsett område med lausmassar som vil gjere innstallasjonen utsett. Langs Råsaelvi er det registrert svært viktige naturtypar som ved endra tilrettelegging kan bli påverka.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad om byggjing av klopp på Dulsete frå Kåre Moen, datert 21.01.2022

Saksopplysningar

Grunneigarane Kåre Moen, Kristen Sverre Flohaug og Per-Arvid Hauge på Dulsete søker om å få sette opp bru/klopp over Råselvi. Det har tidlegare vore ei klopp over elva i området, men denne vart teken av flaum for nokre år sidan. No vil grunneigarane flytte bru/klopp nærare hovudelva Mørkridselva, kring 40 meter opp frå utløpet. Her er Råselvi kring 4 meter brei og 1 meter djup.

Beitedyr har eit råk som går langs Mørkridselva på vestsida av Råselvi. Søkjarar meiner bru/klopp vil vere til nytte for beitebrukarar i området, samt for turgåarar.

Bru/klopp er planlagt med steinlås rundt fundament, lengde på 5 meter, breidde på 0,9 meter og med eit 0,9 meter høgt rekkverk.



Kåre Moen presenterte planane for nasjonalparkforvaltar hausten 2020. Då viste forvaltar til retningslinene i forvaltingsplanen kapittel 3.2.1, særskilt at det skal vere eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg. Det vart også påpeika at det i området ikkje var registrert noko tursti frå før, og at området er utsett for flaum. I den innsendte søknaden er det ikkje gjort endringar etter møtet mellom Kåre Moen og forvaltar.

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Verneformål – forskrift

Mørkridsdalen landskapsvernområde vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7. august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndigheit for verneområdet.

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande (jf. § 2 i verneforskrift for Mørkridsdalen LVO). Vidare er føremålet med landskapsvernområdet mellom anna å:

- ta vare på stolar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselva

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Det er forbod mot inngrep som til dømes bruer og klopper, med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3, jf. § 3 pkt. 1.1.

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi løyve til mellom anna bygging av bruer og legging av klopper, jf. § 3 pkt. 1.3 g).

Forvaltningsplan

Hovudregelen er at flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper krev løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve.

Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

I retningslinene i kapittel 3.2.1 Bruer og klopper står det mellom anna:

- Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper vil bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet.
- Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for sti- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsløse på stader der det ikkje er ønskjeleg.
- Ved søknad skal det opplysast om kven som er eigar av brua og ansvarleg for vedlikehald.
- Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før, og det skal nyttast naturvenlege materialar.
- Ved handsaming av slike søknader kan det setjast vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv.
- Legging av klopper må vurderast i høve til slitasjen i terrenget og kor mykje stien er nytta.
- Søkjar/tiltakshavar må innhente naudsynt løyve til bygging av bru og legging av klopper frå grunneigar.

Naturmangfaldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Vurdering

Gjennom heile Mørkridsdalen er det merka stiar/buforveg som gjer det mogleg å oppleve naturen- og kulturlandskapet med ulike rundturar. Det er mange stolar som er bunde saman med sti og bruer over både hovudelva Mørkridsdalselva og sideelver. Buforvegen i Mørkridsdalen går gjennom stølsområdet på Dulsete, og er mykje brukt av både folk og beitedyr. Denne kryssar Råsaelvi kring 230 meter søraust for omsøkt bru/klopp. Kring Dulsete er det beitedyr om sommaren. Desse nyttar områda på begge sider av Råsaelvi. Desse vil også lage råk i vegetasjonen.

Dulsete har vore utsett for mange flaumar. Ei tidlegare klopp over Råselvi forsvann i ein av desse flaumane. Den nye brua/kloppi er planlagt endå nærare utløpet til hovudelva. Elva her meandrerar i lausmassane. Brua/kloppi vil vere utsett i nye flaumar der lausmassar kan bli vaska vekk og elva kan ta nye løp.

Vidare saknar nasjonalparkforvaltar ein dokumentasjon for reelt behov for ny bru/klopp i dette området. Beitebrukarane har så langt forvaltar erfarar ikkje uttrykt noko behov for tiltaket. Det er heller ikkje registrert at området er mykje brukt av turgåarar. Og det er eit

spørsmål om det ønskjeleg med auka trafikk ned mot Mørkridsdalselva. Området langs Råsaelvi er registrert som naturtype rik sump- og kildeskog og verdsett til svært viktig.

Områda kring omsøkt bru/klopp er tilgjengeleg på både sider av Råsaelvi slik det er i dag, og det er berre kring 230 meter frå der buforvegen kryssar Råsaelvi til planlagt bru/klopp. Forvaltar opplev at det er få reelle behov som ikkje allereie er dekkja av dagens infrastruktur.

Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. I skjøtelsesplanen for Mørkridsdalen (NIBIO rapport 3), har Dulsete både slåttemark (verdi B, viktig), slåttemyr (verdi B, viktig) og naturbeitemark (verdi B, viktig). Langs Råsaelvi er det registrert som naturtype rik sump- og kildeskog (verdi A, svært viktig). Tiltaket er ikkje i konflikt med registrerte kulturminner på Dulsete. Sjølve brua/kloppi vurderast til å ha liten påverknad på økosystemet, men vil kunne føre til auka bruk av verdifulle naturtypar som kan påverke økosystemet ut frå samla belastning, jf. naturmangfoldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Tiltaket inneber å lage ein installasjon i flaumutsette lausmassar som potensielt kan føre til at denne blir øydelagt, og då blir å ansjå som uønska element i verneområdet (naturmangfoldlova § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Føre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (naturmangfoldlova § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (naturmangfoldlova §11).

Konklusjon

Behovet for bru/klopp over Råsaelvi er ikkje dokumentert godt nok. Området har store naturverdiar og det er eit spørsmål om ein skal legge til rette for meir bruk av området. Vidare er plasseringa av bru/klopp utsett med tanke på framtidige flaumar. At førre bru/klopp forsvann i ein flaum viser dette. Forvaltar meiner at området er tilgjengeleg slik det er i dag, og at ikkje er naudsynt med nye innstallasjonar som bru/klopp.

Kåre Moen
Skamsarvegen 17.
2690 Skjåk.

Mobil 902 38 019
Mail karemoen1@bbnett.no

Breheimen Nasjonalparkstyre

V / Trygve Snøtun.

MOTTATT

21 JAN. 2022

Lillehammer
Statsforvalteren i Innlandet

Søknad om byggjing av klopp på Dulsete.

På vegne av grunneigarar på Dulsete, har eg fått i oppgave å søkja om å få byggja oppatt klopp over Råselvi på Dulsete, som vart teken av flaum for ei tid attende.

Den tidligare kloppa stod om lag 100 m. opp frå utløpet mot Mørkridselva, mens me no har tenkt å byggja den oppatt om lag 40 m. opp frå utløpet.

Her går Råselvi i store slyng, om lag 4m. brei, og opptil 1m. djup.

Langs Mørkridselva nedover mot Bølifossen, er det frå gammalt eit kuråk som beitedyr fortsatt brukar.

Ei oppattbyggjing av kloppa over Råselvi, vil verta til nytte for dei som har beitedyr her, og for turstigen ned langs Mørkridselva.

Som vedlegg til søknaden er kartkopi med innteikna plassering, og skisse av korleis me tenkjer å utføra arbeidet.

Skjåk 5. oktober 2020.

Med vennleg helsing

Kåre Moen.

Kåre Moen *Kresten Svare Flokving*

Grunneigar.

Tu-Hvid Hauge

Grunneigar.



Kart Kart HD Flyfoto Hybrid

Kartkopi Knivabakkli / Dulsete.



Grovskisse av klapp.

Lengde ca 5m. Brekke 0,9m.



Steinlås rundt fundament.

Dimensjon brubjelkar 2" x 8"

Högde på rekkverkk 0,9m.



Arkivsaksnummer: 2019/8570-13

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 08.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre		18.03.2022

Breheimen NP - 2022 - Ny behandling av utsett sak frå 2019 (saknr: 2019/8570-6) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra - Grotåe i Lundadalen - Eigarlaget Heimraster v/ Ola Moen

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 18.03.2022 gjeve Ola Moen avslag på søknaden om bygging av bru / klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen i Breheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret har lagt til grunn *føre-var-prinsippet* i saka og avslaget er gjeven med heimel i § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Bakgrunnen til avslaget er at det er stor usikkerheit om kva slags påverknad tiltaket vil få og at det allereie er ein etablert stig med bruer som kan tene dette formålet her frå før. Tiltaket vil kunne påverke verneverdiane og verneformålet på ein negativ måte.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Uttale frå NVE, datert 01.02.2022.
2. Tilleggsopplysningar til den reviderte søknaden, datert den 17.11.2021.
3. Revidert søknad frå Ola Moen, datert 14.05.2021.
4. Liste over føreslegne tiltak langs eksisterande stig på sørsida av dalen, datert 10.06.2021.

Nasjonalpark	Breheimen
Naturresevat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen

5. Behandling av søknad i nasjonalparkstyret på styremøte den 12.12.2019. Sak utsett i påvente av fleire opplysningar (saksnr. 2019/8570-6).
6. Uttale frå landbrukskontoret i Skjåk kommune datert 09.07.2019, motteke 28.10.2019.
7. Søknad om opprusting av veg og bygging av bru solside Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.10.2019.

Saksopplysningar

Tidlegare behandling av saka

Denne saka starta i 2019 der Breheimen nasjonalparkstyre behandla søknaden om oppføring av bru over Grotåe og Dalåa i Lundadalen. Saka vart behandla av nasjonalparkstyret den 12.12.2019. I protokollen og vedtaket står det følgjande:

Styret diskuterte saka og la vekt på følgjande:

- *Delar av styret meinte at søknaden kunne godkjennast dersom det vart stilt tydelege vilkår. Ein av grunnen til at dette ikkje kom opp i samband med oppattbygging etter flaumen i 2018, er at Naturskadefondet berre godkjenn at det blir bygd opp same stad. Det er vanskeleg for beitedyr å gå på DNT-sti og solside stien var den opphavslege stien. Må vurdere tiltaket etter verneforskrifta og vektlegge uttale frå Landbrukskontoret i Skjåk.*
- *Det er ein gamal sti som er brukt før med eldre inngrep. Må finne gode vilkår ved eventuell godkjenning av tiltak. Ein må skilte godt slik at turisttrafikk går på DNT-stien som nyttast i dag, mens landbruksnæringa nyttar ny sti.*
- *Ein skal prøve å ta vare på grunneigarar så langt som råd, utan at det går utover verneverdiane. Vanskeleg å dra eintydig slutning ut frå uttale frå NVE og landbrukskontoret. Gjengroing ein trussel for verneverdiane, difor positivt med beitedyr.*
- *Beitedyr i Lundadalen er viktig men ein må også ta omsyn til NVE sin uttale.*
- *Søknaden vart vanskeleg å skjønne etter at nye og motseiande opplysningar kom frå søkjar i etterkant av at møteinnkallinga vart sendt ut.*
- *I Lundadalen er det ikkje naudsynt med ei beredskapsbru. Det vil vere vanskeleg å kanalisere ferdsel dersom det er to alternativ til stig/bru. Det vil vere interessant å vurdere om det er høve til å utbetre eksisterande sti, og finne ut om denne kan gjerast bra nok for beitedyr.*
- *Det vil vere interessant å vurdere om det er høve til å utbetre eksisterande sti, og finne ut om denne kan gjerast bra nok for beitedyr.*

Jo Trygve Lyngved kom med følgjande forslag til ny innstilling i saka:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 12. desember 2019 utsett behandling av søknaden. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer bl.a. å få belyst følgjande:

1. *Det skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som skal til for at eksisterande stig skal bli betre med tanke på ferdsel med småfe og storfe. Kostnad skal også*

vurderast. Befaring skal gjennomførast med søkjar for å få fram kva som er utfordrande langs traseen.

2. Søkjar må revidere sin søknad slik at det framgår tydeleg kva som blir omsøkt.
3. Søkjar må levere skisse og/eller bilete av bru som er tenkt brukt. Mål på bru, brukar, tilkomstveg, plassering og eventuelle andre tiltak skal beskrivast i detalj.
4. Informasjonen i kulepunkt 3 skal danne grunnlag for ei ny uttale frå NVE.
5. Breheimen nasjonalparkstyre skal delta på befaring i løpet av våren/sommaren 2020.

Det vart avstemming mellom å godkjenne søknaden med vilkår og å utsette saka til sommaren i påvente av meir informasjon.

Jo Trygve Lyngved sitt forslag til vedtak vart godkjent med 3 mot 2 stemmer (Jo Trygve Lyngved, Marit Aakre Tennø og Bjarne Eiof Hole stemde for Lyngved sitt forslag, og Elias Sperstad og Jon Olav Kvamme stemde for at søknaden skulle godkjennast med vilkår).

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 12. desember 2019 utsett behandling av søknaden. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer bl.a. å få belyst følgande:

1. Det skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som skal til for at eksisterande stig skal bli betre med tanke på ferdsel med småfe og storfe. Kostnad skal også vurderast. Befaring skal gjennomførast med søkjar for å få fram kva som er utfordrande langs traseen.
2. Søkjar må revidere sin søknad slik at det framgår tydeleg kva som blir omsøkt.
3. Søkjar må levere skisse og/eller bilete av bru som er tenkt brukt. Mål på bru, brukar, tilkomstveg, plassering og eventuelle andre tiltak skal beskrivast i detalj.
4. Informasjonen i kulepunkt 3 skal danne grunnlag for ei ny uttale frå NVE.
5. Breheimen nasjonalparkstyre skal delta på befaring i løpet av våren/sommaren 2020.

Etter dette har følgande vorte gjort:

- **17.08.2020:** Forvaltar og SNO Breheimen gjennomførte synfaring med søkjar der det vart sett på plassering av bru og tiltak for å utbetre eksisterande sti.
- **13.11.2020:** Forvaltar gjennomførte synfaring med Geirr Vetti i Stibbyggjaren AS med bakgrunn i dei utfordrande punkta langs eksisterande sti som vart sett på under synfaringa med søkjar.
- **14.05.2021:** Revidert søknad om oppføring av bru motteke.
- **31.05.2021:** Oversendte revidert søknad til NVE for ny uttale. Den 24.08.2021 etterspurde NVE fleire opplysningar i samband med den reviderte søknaden. Informasjon om dette vart oversendt til søkjar den 27.08.2021.
- **02.06.2021:** Etterspurt tilleggsopplysningar i samband med revidert søknad. Tilleggsopplysningar motteke 17.11.2021.

- **11.06.2021:** Breheimen nasjonalparkstyre på synfaring i Lundadalen med søkjar/representant for søkjar.
- **01.02.2022:** Ny uttale frå NVE motteke.

Søknaden

Ny revidert søknad frå 2021 er attgjeven nedanfor:

Til orientering:

Lundadalen Heimraster er et privat område som eies hovedsakelig av gardar i Lundagrenda. Disse har beiterett i Lundadalen og det er mangel på beite i grenda.

Området strekker seg på baksida fra Heimsetrer-brua til varden på Røysflatan. Derfra og vestover er det Skjåk Almenning sitt eie.

På baksiden fra Heimseter-brua og til oppi Ersbakken er det private skogteiger, noe vi må forholde oss til. Ved eventuelt arbeid med omlegging eller forbedring av stier kreves det tillatelse fra grunneierne. Dette er ikke Nasjonalparkens sin grunn, men privat eiet.

Ny søknad om opprusting av solsidevegen Heimsetra – Grotåe:

Dette er i motsetning til på den andre siden ikke urørt natur siden, det er opparbeidet veg med en 7 tonns gravemaskin helt fram til Grotåe. Det vil derfor ikke føre til nye inngrep i naturen å benytte dette kjøresporet. Mellom Heimsetra og Dalåe trengs det ikke gjøres noe. Over Dalåe har vi kommet til at beste løsningen vil være å anlegge en enkel klopp. Vi vil presisere at dette ikke er noen elv, men en å som det ligger i navnet. Denne åa eller bekken har liten vassføring. Når snøsmeltingen er over må en nok lavt ned med hodet eller miste grepet når en drikker for å få på seg fossestøv her! Fra Dalåe til Grotåe er det ingen utfordrende partier som trenger utbedring. Bare litt rydding av kratt. Faret i Grotåe har aldri vært opprensket, og renner over sine bredder i snøsmeltingen. Det er derfor nødvendig å anlegge en liten klopp som tar dette vannet. Videre må det ryddes ca. 90 m vei nedover mot der brua har vært før. Den skal plasseres på nøyaktig samme plass, med solide, faste fundamenter. Dette er nedenfor det eroderende partiet lenger opp. I motsetning til de andre bruene i Lundadalen blir dette en skjermet og gjemt bru, som vil gå i pakt med naturen.

Vi grunneiere mener at det ikke finnes grunnlag for nasjonalforpakters forslag til avslag, fordi dette ikke er en ny veg, og brua har vært der før, kfr. vedlagt foto av brufeste. Slik tar vi også vare på et kulturminne (kfr. §2).

For å sitere forrige nasjonalparkforvalter: Stigen er godt merket i terrenget og her har det gått folk til Fortun helt attende til mellomalderen, og før det.

I forrige søknad (kfr. pkt. 2 i vedtaket) står det: Vi søker herved om å ruste opp eksisterende vei på vestsiden av dalen. Dette gjøres blant annet ved å legge Dalåe i rør, og bygge opp igjen bru over Grotåe.

I saksframlegget til forrige søknad kaller forvalter Dalåe en elv. Dette er en å, med veldig liten vassføring utpå sommeren. For å unngå ytterligere problemer vedr. dette, velger vi i denne nye søknaden å søke om å få anlegge en liten klopp over Dalåe. Ellers er søknaden identisk med den forrige.

Søknaden ovanfor omfattar side 1 av søknaden. Dei nest 6 sidene av søknaden kan lesast i vedlegget. Den fyrste søknaden frå 2019 er attgjeven nedanfor:

Det er mangel på utmarksbeite i Lundagrenda. Beite er det nok av i Lundadalen. Fra Heimsetra til Grotåa er det et stort område med de beste beitenene i dalen som ikke blir beitet. Gjengroingen er ikke vanskelig å stadfeste.

Resultatet av å ikke vedlikeholde denne viktige strekningen fikk vi erfare i fjor høst da begge bruene forsvant i flommen, og adkomsten til Lundadalen ble fullstendig brutt. Heldigvis skjedde dette etter at alle dyrene hadde kommet hjem. Altså ikke vanskelig å skjønne at adkomst på vestsiden er helt nødvendig.

Det blir mye lettere, enklere og ikke minst tryggere for mennesker og dyr når man ikke trenger å krysse elven, spesielt ved den Yste brua. Adkomsten ned til brua er så smal at kyr ikke kan passere hverandre. Stigen er anlagt ytterst på kanten av stupet over den brølende, hvitskummende fossen. En av de siste gårdbrukerne som har dyr i Lundadalen har mistet ku utfor kanten og er i tvil om han skal utsette dyra, og ikke minst seg selv, for dette mer. Her er det blitt foretatt sikringstiltak tidligere, men stein og fjell lar seg ikke flytte med bare hender.

Viser til forskrift om verneplan for breheimen § 3. Vernereglar. Jf. pkt 1.2: "Reglane i pkt 1.1 er ikkje til hinder for: b) vedlikehald av eksisterande stiar, trasear av skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5." I tillegg kan forvaltningsstyremakta gi løyve til bygging av bruer og klopper, jf. § 3 pkt 1.3 c).

Vi søker herved om å ruste opp eksisterende veg på vestsiden av dalen. Dette gjøres blant annet ved å legge rør i Dalåa og bygge opp igjen bru over Grotåa slik det var før.

Kan garantere med sikkerhet at det er mange bønder som venter på å få slippe dyra sine trygt på beite i Lundadalen, og gjengroingen vil avta.

Etter at den reviderte søknaden vart motteke var det behov for å få nokre tilleggsopplysningar for å belyse den reviderte søknaden. Nedanfor er spørsmål frå forvaltar og svara frå søkjar attgjeven:

1. Spørsmål: På side 1 i søknaden står det at: «Videre må det ryddes ca. 90 m vei nedover mot der brua har vært før». Er det her snakk om rydding av vegetasjon eller er det snakk om å lage en vei i terrenget? Vil at du beskriver omfanget av dette. Bredde, hva slags maskineri som eventuelt skal benyttes osv.

Svar frå søkjar:

Angående rydding for å få til en sti er det bare nødvendig å fjerne litt vegetasjon for å få til en framkommelig sti, beregnet på dyr. Der vi kommer lett fram, blir vegetasjonen spart. Spora etter gummibeltene på gravemaskinen (ca. 2 m bredde) vil ikke bli synlige, og det vil bli dyra som former og trekker opp stien.

2. Spørsmål: Vi må ha en mer detaljert beskrivelse av omfanget av den motoriserte ferdsele som blir i tilknytning til et eventuelt tiltak som dette. Hvordan og når på året skal materialer til brua transporteres inn? Hvordan skal betongen til brua transporteres inn? Osv... Vil at du beskriver noe rundt dette.

Svar frå s kjar:

Vi anser h sten som den beste tida for transporten til brua. Vi kan ikke benytte oss av statens penger. Derfor planlegger vi   blande betongen p  stedet. Det er store forekomster av sand til st pning i området. Det vil bli benyttet en hydraulisk blandemaskin, drevet av gravemaskin. Gravemaskinen er en 5-tonner med gummibelter, 2 m bred. Sist det var gravemaskin her ble det benyttet en 7,5-tonner med st lbelter. Siden det f r har v ert en st rre gravemaskin her blir det ikke spor etter en smalere med gummibelter. Sn skuter kan det bli aktuelt   benytte.

3. Spørsm l: Kan du beskrive omfanget av potensialet for ekstra beitedyr i Lundadalen med bakgrunn i brua? Hvor mange gardsbruk og beitedyr er det snakk i forbindelse med de som er medlemmer i Lundadalen Heimraster?

Svar frå s kjar:

Forpakter  nsker en beskrivelse av potensialet av omfanget for ekstra beitedyr i Lundadalen. Det sp rsm let dreier denne s knaden seg om. Det er derfor vi s ker om dette, og det g r tydelig fram av s knaden. Lundadalen Heimraster består av 27 eiere. Det er litt vanskelig   bed mme hvor mange flere dyr som vil komme p  beite ved bruk av den nye brua. Det er tre melkeprodusenter som har s ter i Lundadalen. Disse tre har flere kyr enn det noen gang har v ert i Lundadalen f r. Dessuten er det noen som driver med sau. Men en ting er sikkert. Med forpakers forslag blir det snart ingen igjen. I dag er det kun to bruk som har storfe i Lundadalen. En av dem vurderer   avslutte beitingen p a alt for d rlig og farefull adkomst for mennesker og dyr. Da blir det igjen ett bruk. Det siste bruket har ingen beite- eller s terrett i Lundadalen, men nytter beiteretten til et sm bruk i Lundagrenda.

Det er flere unge b nder i 30- rene som har investert i moderne driftsbygninger. Disse  nsker   beholde sine rettigheter i Lundadalen. Slik det er i dag s  leies det beiter p  disse bruka for at dyr skal f  nok mat.

Vi h per med dette at Nasjonalparkstyret skj nner at det m  til bedre adkomst, og at disse rettighetene er en stor gevinst for hver enkelt bonde og samfunnet for vrig.

4. Spørsm l: Er det behov for oppsetting av nye gjerder i denne sammenhengen?

Svar frå s kjar:

Noen f  meter gjerde ved brua.


5. Spørsm l: Er det behov for tilkj ring eller uttak av masse til dette tiltaket?

Svar frå s kjar:


For betongblandingen ja. Uttak av litt sand.

Det er motteke eit kostnadsoverslag over bygging av brua over Grot e. Kostnaden er berekna til 693 861,- inkl. mva. Det er ikkje opplyst om bru/klopp over Dal e er inkludert i


denne summen. Nedanfor er eit utval av teikningane som følgjer søknaden. Komplette oversikt ligg i vedlegget til saka.




1:50 Fasade Øst



1:50 Fasade Sør




1:50 Fasade Vest





1:50 Fasade Nord

Fasade bru over Grotåe.



Planteikning bru Grotåe.




3D bru Grotåe.



- 1) Klapp over Dalåe
- 2) Klapp for overløp av faret i Grotåe

Klapp over Dalåe og overløp Grotåe.



Kart Grotåe.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til bl.a.:

- bygging av bruer og legging av klopper (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det blant anna at hovudregelen ved flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper er det krav om løyve etter søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

I forvaltningsplanen står det også at etter søknad til forvaltingsmyndigheita kan det vere aktuelt å gje løyve til oppsetjing av nye bruer i beitesamanheng i nasjonalparken og særleg i landskapsvernområda. Det vil bli lagt vekt på om det har vore bru ein stad før, t.d. gamle brukar eller steinmurar for feste av bruene. Ved handsaming av slike søknader kan det setjast vilkår slik det er nemnt i kap. 3.2.1.

I kapittel 3.2.1. står det bl.a.:

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper kan bli gjevne etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan bli dekt av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsel på stader der det ikkje er ønskjeleg. Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før og det må skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2 i forvaltningsplanen. Ved handsaming av søknader kan det bli sett vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv. Det må også føreligge godkjenning frå grunneigar.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Ut frå den fyrste søknaden (2019) og den reviderte søknaden (2021) er det ønskje om å byggje ny bru over Grotåe og mindre bru/klopp over Dalåe og flaumløp i Grotåe. Bakgrunnen for dette er at beitebrukarar i Lundadalen meiner at eksisterande stig på austsida av Skjøli er ei utfordring når beitedyr skal innover Lundadalen. I søknaden er det poengtert at strekninga mellom dei to bruene er utfordrande med tanke på at det er bratt ned i ei strid elv og at det på nokre plassar er smalt og steinete. Det er i fyrste søknaden halde fram at det er areal med beiteverdiar mellom Dalåe og Grotåe som vil bli tilgjengeleg dersom det kan byggjast to nye bruer her. Beitebrukarane har også fått ei uttale frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk som stadfestar dette (sjå vedlagt uttale).

Den eksisterande stigen søraust for Skjøli fungerer som hovudstig (DNT-stig) inn i Lundadalen for både folk og beitedyr. Her vart baa bruene tekne av flaumen hausten 2018, men beitebrukarane sjølve (Skjåk sanke- og beitelag) bygde opp att baa bruene våren 2019. Ny type bru og endra vinkling har gjort at det skal vere plass til noko meir vatn under bruene


enn på dei gamle. Det er også gjort tiltak for å gjera det betre for beitedyra å komme inn på bruene med bl.a. ledegjerder, planering av bakke ned mot bru osv.



Bilete viser plassen der ny bru over Grotåe er tenkt plassert.



Ei av dei nye bruene som vart bygd opp at i 2019 etter haustflaumen i 2018.



Kart overfor viser eksisterende trase og bruene/kloppene som det er søkt om.

Nedanfor er det gjort eit forsøk på å svare på punkt 1 (moglegheit for utbetring av eksisterande stig) og punkt 4 (ny uttale frå NVE) i nasjonalparkstyrets bestilling frå styremøtet den 12.12.2019.

Moglegheit for utbetring av eksisterande stig


Den 17.08.2020 vart det gjennomført ei synfaring i Lundadalen. Formålet med synfaringa var å sjå på plassering av bru over Grotåe og sjå på dei punkta langs eksisterande stig som er utfordrande for beitenæringa i dalen. Nasjonalparkforvaltar, Statens naturoppsyn Breheimen og to frå beitenæringa/søkjar deltok. Det vart sett på plassering av bru og moment rundt dette er gjort greie for i søknaden. Langs eksisterande stig vart det sett på dei utfordringane som beitenæringa opplever. Det vart også diskutert kva som kan gjerast på desse punkta for at ferdsel med beitedyr kunne bli noko betre enn det det er i dag. Sjå vedlegg nr. 4 for bilete og føreslegne tiltak på dei enkelte punkta.

Med bakgrunn i diskusjonen rundt desse punkta vart det gjennomført ei synfaring med Geirr Vetti i Stibbyggjaren AS den 13.11.2021. Stibbyggjaren AS har mykje kompetanse på tilrettelegging av stigar for både folk og dyr, stort sett med bruk av berre handmakt. Eit godt eksempel dette er alle dei tiltaka som er gjort i Mørkridsdalen landskapsvernområde i Luster kommune. Her er tiltaka gjort for å leggje til rette for enklare tilkomst og auka bruk av beitedyr i denne dalen. Stibbyggjaren AS sitt kostnadsoverslag er på 320 000,- inkludert mva for dei tiltaka som er skissert i vedlegg nr. 4. I denne summen er det ikkje teke med kostnaden for ei enkel treklopp ved punkt 2 og eventuell bruk av helikopter nokre timar.

Den 11.06.2021 deltok Breheimen nasjonalparkstyre på synfaring i Lundadalen med søkjar/representant for søkjar. På synfaringa vart det sett på området for plassering av bru

og veg ned til bru. På returen vart det og sett på dei punkta langs eksisterande stig som er utfordrande for beitenæringa.

I den reviderte søknaden har også sækjar teke for seg dei enkelte punkta på den eksisterande stigen og kva tiltak som bør gjerast, samt eit kostnadsoverslag. Kostnadsoverslaget er på 2,5 mill. Det er ikkje kjent om denne summen er inkludert mva eller ikkje. I den reviderte søknaden påpeikar sækjar grunneigarretten og uttrykkjer at det ikkje er ønskje om denne type tiltak langs den eksisterande stige på sin grunn. Det einaste alternativet er bru over Grotåe slik som det er søkt om.



Oversikt over dei utfordrande punkta langs den eksisterande stigen. Nummeringa viser til bilete og kort beskriving i vedlegget.


NVE sin uttale med bakgrunn i den reviderte søknaden

I verneområda er det verneforskrifta som legg føringar for arealbruk og eventuelle tiltak. Men NVE kan komme med faglege råd i saker som naturleg høyrer inn under vassdrags- og skredrelaterte forhold. Både den fyrste søknaden og den reviderte søknaden vart sendt til NVE for uttale. Uttala i sin heilheit ligg i vedlegg nr. 1. Nedanfor er det eit utklypp av dei viktigaste momenta frå NVE sin uttale. På side 6 i NVE sin uttale ligg det ei generell rettleiing om tiltakshavar sine plikter ved tiltak i vassdrag.


- Vassdragene som det søkes om tiltak i, er sidevassdrag til Skjøle. Ut fra

illustrasjoner/bilder er det trolig at massetransporten i deler av vassdraget er betydelig.

- Området er dekt av aktsomhetsområder for jord- og flomskred (se figur under), og potensialet for erosjon og skredmasser ut i Skjøle er dermed stort, dersom man setter i gang tiltak som ikke er dimensjonert og utformet vassdragsteknisk tilfredsstillende. Ut fra erfaringene etter flommen i oktober 2018, bør man prøve å unngå tiltak som kan øke sjansene for økt massetilførsel til Skjøle. Området har ifølge NGU sine løsmassekart brelv /bresjøavsetninger og annet morenemateriale som er lett eroderbare (se figur under).
- Vassdragene, terrenget og naturlige prosesser gjør at det i utgangspunktet er utfordrende å etablere gode kryssingsløsninger som vil stå imot naturkreftene og som ikke gir relativt store inngrep. Terrenget virker også litt vanskelig med tanke på å få etablert en slik kryssing som vil kunne fungere vassdragsteknisk. NVE har ingen formening om dimensjoneringen som er planlagt er tilstrekkelig. Men det kan virke som om både vannføring og massetransport vil gi betydelig belastning på konstruksjonene.
- Søker har oppgitt at fundamentene skal også plasseres over nivå for 1000-årsflom. Grunnlaget for denne vurderingen kommer ikke fram av planene.
- Fjerning av løsmasser og inngrep langs elvebredden kan endre erosjonen i elveløpet i flomsituasjoner.
- Med forankring i fjell vil brufundamentene være godt forankret, men endring i erosjon rundt fundamentene må hensyntas. Vi vet det er stor massetransport og potensiale for store erosjonskrefter. Vi kan ikke se at dette er vurdert.
- Det kommer heller ikke frem i søknaden hvordan de to mindre bruene over Dalåe og Grotåe skal bygges og plasseres i terrenget. Det er viktig at disse ikke fører til opphopning av masser ved eventuell flom, eller fører til økt erosjon i området. Om bruene ikke skal fundamenteres i fjell kan disse også bli skylt med flom og føre til oppstuvning av masser og uheldige situasjoner i vassdraget. Selv om de mindre bruene bygges over områder med for det meste lavere vannføring, kan det ved flomsituasjoner skape problemer nedstrøms.
- Selv om planen med å legge elven i rør er endret til fundamenter og bunn bru over 1000- årsflom nivå for den store brua (oppgitt av søker uten dokumentasjon), vil NVE fraråde tiltaket ut fra både vassdragstekniske forhold, skredfaglige forhold og ut ifra hensynet til vassdragsverdier.
- Erosjonskrefter er etter det vi kan se, ikke vurdert.
- Det mangler byggeteknisk beskrivelse av de to mindre bruene, og NVE kan derfor ikke vurdere disse.
- Det er viktig at bruene ikke endrer vannstrengen, erosjonen og massetransporten i området, og at de ikke vil utgjøre en fare i vassdraget ved flom.
- Det er store faglige usikkerheter knyttet til den vassdragstekniske utformingen, og NVE mener derfor at det er naturlig å se mulige konsekvenser av tiltaket mot løsninger for kryssing som finnes i dag.



Kart viser aktsomhetsområde for jord- og flaumskred.



Lausmassekart (gul – breelavsetninger, grønt – tykk morene).

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt.

I Breheimen nasjonalpark vil naturmiljø og dyre- og planteliv kunne bli påverka negativt gjennom menneskeleg ferdsel. I deler av året kan ferdsel i og utanfor stiger/løyper føre til uheldige forstyrringar for eksempelvis sårbare rovfuglar eller våtmarksfugl. I dette området ligg det hekkeplassar som krev ekstra omtanke, og forstyrring vil vere ekstra uheldig i perioden for ruging og når artene har små ungar. I sårbarheitsvurdering frå 2018 er det skreve at lokaliteten er robuste pr. nå, men vurderinga peikar også på at det er viktig å unngå nye anlegg/merking av nye stigar, eller tilrettelegging for økt ferdsel innover i dette tronge dalføret. Forvaltar meiner at bygging av nye bruer her vil kunne endre ferdselsmønsteret ved at fleire vil nytte den nye brua og det blir ferdsel på både sidene av Skjøli. Dette kan på sikt vere uheldig med tanke på auka ferdsel ved hekkelokalitetane tidleg i barmarkspeioda.

I revidert søknad ligg planlagd kryssingspunkt over Grotåe nedstrøms, men tett inntil eit område som er registrert som naturtype fossesprøytsone i Naturdatabasen. Desse lokalitetane er registrert som lokalt viktig (verdi C). Generelt sett er det spesielt mosar, lav og enkelte karplanter som er knytt til denne naturtypen. Fleire kan vera sjeldne (raudlista) og er følsame for uttørking. Naturtypen er i fyrste rekkje påverka av vassdragsregulering som bl.a. endra vassføring / fuktigheit og dynamikk i sprutpåverknad.

Slik søknaden ligg i dag ber det preg av at omfanget av tiltaket ikkje er godt nok synleggjort og dokumentert. I søknaden er det beskrive at det skal nyttast ei gravemaskin på 5 tonn og at det kan bli aktuelt å nytte snøskuter. Utanom dette er det ikkje synleggjort korleis all materialtransporten skal gå føre seg mellom setra og Grotåe. Det blir i søknaden vist til at gravemaskina skal nytte ein gamal veg mellom heimaste Lundadalsætre og Grotåe. Denne vegen vart bygd ulovleg på 70-tallet. Vegen ligg innanfor nasjonalparken og er ikkje i bruk. Vegen og skjeringane er i ferd med å gro til etter mange år utan stor påverknad. Motorisert ferdsel her er ikkje tilrådeleg fordi det meste av vegen ligg på breelvvavsetningar som eroderer lett med eit tynt vegetasjonsdekke på toppen. Nedanfor er det tre bilete av vegen.

Det er også beskrive i tilleggsopplysningane at det skal transporterast inn ein hydraulisk blandemaskin for produksjonen av betongen som skal nyttast i fundamenta til brua. Det er også beskrive at det er store førekomstar av sand til støyping i området som skal nyttast til produksjon av betong. Det er heller ikkje gjort greie for omfang og kvar uttaket skal skje.





Dei 3 bileta ovanfor viser korleis vegen ser ut mellom heimaste Lundadalsætre og Grotåe.

I den reviderte søknaden er det også beskrevet at det må ryddast ein ca. 90 meter lang veg nedover til brua som er planlagt over Grotåe. På synfaringa med nasjonalparkstyret den 11.06.2021 var det noko usikkerheit om akkurat kvar denne vegen skulle gå fordi kartet som er vedlagt søknaden har ein målestokk som gjer at det heile blir for grovt. Saman med representantane for søkjar vart det konkludert med at denne vegen måtte gå nedover langs elvekanten frå der vegtraseen kjem ned og vidare nedover langs elva, over lite flaumløp og vidare til brua over Grotåe. På kartet som er vedlagt søknaden er også sjølve brua teikna inn feil samanlikna med den plasseringa som søkjar viste på synfaringa den 17.08.2020. Denne plassen ligg 50-60 meter lenger nedover langs elva.

Forvaltar har ikkje dokumentasjon i form av bilete av den øvste delen av området der denne 90 meter lange vegen skal ryddast. Men bileta nedanfor viser noko av området mellom flaumløpet og hovudelva Grotåe. I tilleggsopplysningane opplyser søkjar at langs denne 90 meter lange vegen er det berre nødvendig å fjerne litt vegetasjon for at beitedyra skal kome fram. Ut frå bileta nedanfor er arealet mellom flaumløpet og hovudelva nokså steinete og «uryddig». Området har gjennom tida vore utsett for flaumar som har påverka landskapet. Med bakgrunn i dei problema som er beskrevet for framkommelegheita for beitedyr langs den eksisterande stigen, er det usikkert om det er berre vegetasjon som må ryddast for at


beitedyr skal kome fram her også. NGI sine kart viser at heile dette området er utsett for jord- og flaumskred.



Bilete ovanfor viser område mellom flaumløpet og hovudelva i Grotåe.



Bilete ovanfor viser område mellom flaumløpet og hovudelva i Grotåe.



NGI sine kart viser at heile dette området er utsett for jord- og flaumskred og at det er eit aktsomheitsområde for flaum.

I samband med at forvaltninga etterspurde ein del tilleggsopplysningar til den reviderte søknaden, vart det også etterspurt ei utgreiing av potensialet for ekstra beitedyr i Lundadalen ved at brua over Grotåe vart oppført. Dette er også noko som landbrukskontoret i Lom og Skjåk har beskrive i tillegg til risikoen i sin uttale datert 09.07.2019. I følgje søkjar er det pr. i dag to bruk som har storfe i Lundadalen og den eine av desse vurderer å slutte med beiting på grunn av farefull åtkomst for menneskjer og dyr. I tillegg er det to bruk som har sau i området. Søkjar beskriv også at det er vanskeleg å bedømme kor mange fleire beitedyr som vil komme på beite i Lundadalen ved bruk av brua det nå er søkt om, men at det er potensiale for fleire som vil nytte Lundadalen til beite.

Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
fminpost@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Ola Moen
Lundavegen 219
2690 SKJÅK

Saksbehandler Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2019/8570-6 432.3

Dykkar ref.

Dato 24.01.2020

Breheimen nasjonalpark - Utsett sak - Opprusting av sti/vegfar frå Heimaste Lundadalssetra og til eksisterande stig på vestsida av Grotåa - Lundadalen heimraster

Eg viser til din søknad om opprusting av veg/bygging av bru i Lundadalen datert 14.10.2019. Breheimen nasjonalparkstyre gjorde følgande vedtak i styremøte den 12.12.2019:

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 12. desember 2019 utsett behandling av søknaden. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer bl.a. å få belyst følgande:

1. Det skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som skal til for at eksisterande stig skal bli betre med tanke på ferdsel med småfe og storfe. Kostnad skal også vurderast. Befaring skal gjennomførast med søkjar for å få fram kva som er utfordrande langs traseen.
2. Søkjar må revidere sin søknad slik at det framgår tydeleg kva som blir omsøkt.
3. Søkjar må levere skisse og/eller bilete av bru som er tenkt brukt. Mål på bru, brukar, tilkomstveg, plassering og eventuelle andre tiltak skal beskrivast i detalj.
4. Informasjonen i kulepunkt 3 skal danne grunnlag for ei ny uttale frå NVE.
5. Breheimen nasjonalparkstyre skal delta på befaring i løpet av våren/sommaren 2020.

Vedlagt ligger protokoll og saksframlegg.

Med helsing

Stein Magne Grevrusten
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift





Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2019/8570-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 26.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyret	24/19	12.12.2019

Breheimen nasjonalpark - Avslag - Opprusting av sti/vegfar/bruer frå Heimaste Lundadalssetra og til eksisterande stig på vestsida av Grotåa - Lundadalen heimraster

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyret har i styremøte den 12.12.2019 gjeve Ola Moen avslag på søknaden om å ruste opp veg og bygging av to bruer mellom Grotåa og heimaste Lundadalssetra i Lundadalen i Breheimen nasjonalpark.

Avslaget er gjeven med heimel i § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Avslaget er i hovudsak grunngjeve med at det allereie er ein etablert stig med bruer som kan tene dette formålet her, og at etablering av ny veg med bruer kan påverke vassdraget og viktige hekkelokaliteter på ein negativ måte.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyret.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyret - 12.12.2019

Styret diskuterte saka og la vekt på følgjande:

- Delar av styret meinte at søknaden kunne godkjennast dersom det vart stilt tydelege vilkår. Ein av grunnene til at dette ikkje kom opp i samband med oppattbygging etter flaumen i 2018, er at Naturskadefondet berre godkjenn at det blir bygd opp same stad. Det er vanskeleg for beitedyr å gå på DNT-sti og solsidesti var den



opphevelege stien. Må vurdere tiltaket etter verneforskrifta og vektlegge uttale frå Landbrukskontoret i Skjåk.

- Det er ein gamal sti som er brukt før med eldre inngrep. Må finne gode vilkår ved eventuell godkjenning av tiltak. Ein må skilte godt slik at turisttrafikk går på DNT-stien som nyttast i dag, mens landbruksnæringa nyttar ny sti.
- Ein skal prøve å ta vare på grunneigarar så langt som råd, utan at det går utover verneverdiane. Vanskeleg å dra eintydig slutning ut frå uttale frå NVE og landbrukskontoret. Gjengroing ein trussel for verneverdiane, difor positivt med beitedyr.
- Beitedyr i Lundadalen er viktig men ein må også ta omsyn til NVE sin uttale.
- Søknaden vart vanskeleg å skjønne etter at nye og motseiande opplysingar kom frå søkjar i etterkant av at møteinnkallinga vart sendt ut.
- I Lundadalen er det ikkje naudsynt med ei beredskapsbru. Det vil vere vanskeleg å kanalisere ferdsel dersom det er to alternativ til stig/bru. Det vil vere interessant å vurdere om det er høve til å utbetre eksisterande sti, og finne ut om denne kan gjerast bra nok for beitedyr.
- Det vil vere interessant å vurdere om det er høve til å utbetre eksisterande sti, og finne ut om denne kan gjerast bra nok for beitedyr.

Jo Trygve Lyngved kom med følgande forslag til ny innstilling i saka:

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 12. desember 2019 utsett behandling av søknaden. Breheimen nasjonalparkstyre ønskjer bl.a. å få belyst følgande:

1. Det skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som skal til for at eksisterande stig skal bli betre med tanke på ferdsel med småfe og storfe. Kostnad skal også vurderast. Befaring skal gjennomførast med søkjar for å få fram kva som er utfordrande langs traseen.
2. Søkjar må revidere sin søknad slik at det framgår tydeleg kva som blir omsøkt.
3. Søkjar må levere skisse og/eller bilete av bru som er tenkt brukt. Mål på bru, brukar, tilkomstveg, plassering og eventuelle andre tiltak skal beskrivast i detalj.
4. Informasjonen i kulepunkt 3 skal danne grunnlag for ei ny uttale frå NVE.
5. Breheimen nasjonalparkstyre skal delta på befaring i løpet av våren/sommaren 2020.

Det vart avstemming mellom å godkjenne søknaden med vilkår og å utsette saka til sommaren i påvente av meir informasjon.

Jo Trygve Lyngved sitt forslag til vedtak vart godkjent med 3 mot 2 stemmer (Jo Trygve Lyngved, Marit Aakre Tennø og Bjarne Eiolf Hole stemde for Lyngved sitt forslag, og Elias Sperstad og Jon Olav Kvamme stemde for at søknaden skulle godkjennast med vilkår).



Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 12. desember 2019 utsett behandling av søknaden. Breheimen nasjonalparkstyre ønsker bl.a. å få belyst følgende:

6. Det skal gjerast ei vurdering av kva for tiltak som skal til for at eksisterande stig skal bli betre med tanke på ferdsel med småfe og storfe. Kostnad skal også vurderast. Befaring skal gjennomførast med søkjar for å få fram kva som er utfordrande langs traseen.
7. Søkjar må revidere sin søknad slik at det framgår tydeleg kva som blir omsøkt.
8. Søkjar må levere skisse og/eller bilete av bru som er tenkt brukt. Mål på bru, brukar, tilkomstveg, plassering og eventuelle andre tiltak skal beskrivast i detalj.
9. Informasjonen i kulepunkt 3 skal danne grunnlag for ei ny uttale frå NVE.
10. Breheimen nasjonalparkstyre skal delta på befaring i løpet av våren/sommaren 2020.

Dokument i saka

- Uttale frå landbrukskontoret i Skjåk kommune datert 09.07.2019, motteke 28.10.2019.
- Ny søknad opprusting av veg og bygging av bru solsida Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.10.2019.
- Vurdering av tiltak NVE, datert 03.07.2019.
- Opphavleg søknad om opprusting av veg og bygging av bru solsida Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.03.2019.

Saksopplysningar

Søknaden er gjengjeven nedanfor:

Det er mangel på utmarksbeite i Lundagrenda. Beite er det nok av i Lundadalen. Fra Heimsetra til Grotåa er det et stort område med de beste beitene i dalen som ikke blir beitet. Gjengroingen er ikke vanskelig å stadfeste.

Resultatet av å ikke vedlikeholde denne viktige strekningen fikk vi erfare i fjor høst da begge bruene forsvant i flommen, og adkomsten til Lundadalen ble fullstendig brutt. Heldigvis skjedde dette etter at alle dyrene hadde kommet hjem. Altså ikke vanskelig å skjønne at adkomst på vestsiden er helt nødvendig.

Det blir mye lettere, enklere og ikke minst tryggere for mennesker og dyr når man ikke trenger å krysse elven, spesielt ved den Yste brua. Adkomsten ned til brua er så smal at kyr ikke kan passere hverandre. Stigen er anlagt ytterst på kanten av stupet over den brølende, hvitskummende fossen. En av de siste gårdbrukerne som har dyr i Lundadalen har mistet ku utfor kanten og er i tvil om han skal utsette dyra, og ikke



minst seg selv, for dette mer. Her er det blitt foretatt sikringstiltak tidligere, men stein og fjell lar seg ikke flytte med bare hender.

Viser til forskrift om verneplan for breheimen § 3. Vernereglar. Jf. pkt 1.2: "Reglane i pkt 1.1 er ikkje til hinder for: b) vedlikehald av eksisterande stiar, trasear av skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5." I tillegg kan forvaltningsstyremakta gi løyve til bygging av bruer og klopper, jf. § 3 pkt 1.3 c).

Vi søker herved om å ruste opp eksisterende veg på vestsiden av dalen. Dette gjøres blant annet ved å legge rør i Dalåa og bygge opp igjen bru over Grotåa slik det var før.

Kan garantere med sikkerhet at det er mange bønder som venter på å få slippe dyra sine trygt på beite i Lundadalen, og gjengroingen vil avta.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til bl.a.:

- bygging av bruer og legging av klopper (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det blant anna at hovudregelen ved flytting, ombygging eller oppsetting av nye bruer og klopper er det krav om løyve etter



søknad, medan eksisterande bruer kan haldast ved like utan å søkje om løyve. Oppattbygging (t.d. etter naturskade) krev løyve.

Løyve til oppsetting av nye bruer og klopper kan bli gjeve etter søknad når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet. Det blir lagt vekt på om brua er til nytte for stig- og skiløypenettet eller om den kan føre til ferdsel på stader der det ikkje er ønskjeleg. Opphavleg storleik og utforming på bruer og klopper skal til vanleg vere som før og det skal nyttast naturvenlege materialar. Elles gjeld dei generelle retningslinene som er gjevne innleiingsvis i kap. 3.2 i forvaltningsplanen. Ved handsaming av søknader kan det setjast vilkår om plassering, storleik, utforming, farge, opprydding, eigar og ansvarleg for vedlikehald osv. Det må også føreligge godkjenning frå grunneigar.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Tiltakshavar kom med fyrste søknaden i mars 2019. I påvente av uttale frå NVE endra tiltakshavar noko av søknaden og det er denne søknaden som blir lagt til grunn i denne behandlinga. Ei av endringane var bl.a. å gå bort frå å legge Grotåa i røyr men heller byggje ordinær bru.

Utifrå søknaden er det ønskjeleg å ta i bruk eit gammalt kjørespor og byggje to nye bruer mellom heimaste Lundadalsætre og Grotåa i Lundadalen (nordvest for elva Skjøli). Bakgrunnen for dette er at beitebrukare i Lundadalen meiner at eksisterande stig som kryssar Skjøli på to plassar er ei utfordring i forbindelse med ferdsel med beitedyr. På baa plassane der stigen kryssar elva i dag vart det i 2019 bygd opp att to nye bruer etter fjorårets haustflom (sjå bilete og kart nedanfor). I søknaden er det poengtert at strekninga mellom dei to bruene er utfordrande med tanke på at det er bratt ned i ei strid elv og at det på nokre plassar er smalt og steinete. Det er også halde fram at det er store beiteverdiar mellom Dalåi og Grotåi som vil bli tilgjengeleg dersom det kan byggjast to nye bruer her (sjå vedlagt søknad). Beitebrukarane har også fått ei uttale frå landbrukskontoret i Lom og Skjåk som stadfestar dette (sjå vedlagt uttale).




Yste brue i Lundadalen sommaren 2019.

Det overordna målet med forvaltninga av Breheimen nasjonalpark er å sikre verneføremålet og verneverdiane mot uønskte inngrep og aktivitetar. Føremålet med å opprette Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne økosystem og landskap utan mange tunge inngrep i eit langsiktig tidsperspektiv.

I verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark står det at løyve til oppsetting av nye bruer og klopper kan bli gjevne etter søknad *når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje på rimeleg måte kan dekkast av andre eksisterande anlegg, og når tiltaket ikkje kjem i strid med verneføremålet.* Det presiseres at denne bestemminga i verneforskrifta er ein kan-bestemming, og det er ikkje nokon automatikk i at det blir gjeven løyve etter denne paragrafen.

I dag er det ein stig som går på søraust side av elva Skjøli som fungerer som hovudstig (DNT-stig) inn i Lundadalen både for folk og beitedyr. Her vart båe bruene tekne av flaumen hausten 2018, men beitbrukarane sjølve gjennom Skjåk sanke og beitelag, bygd opp att båe bruene våren 2019. Ny type bru og endra vinkling har gjort at det skal vere plass til noko meir vatn under bruene enn på dei gamle. Det er også gjort tiltak for å gjera det betre for beitedyra å komme inn på bruene med bla. ledegjerder, planering av bakke ned mot bru osv.



Kart ovenfor viser eksisterende trase og omsøkt trase.

Etablering av to nye bruer og tilkomstveg over Grotåi og Dalåi som nå omsøkt vil bety betydelege inngrep dersom disse skal dimensjonerast for å motstå framtidige flaumar. I forhold til den første søknaden vart det bedt om faglege råd frå NVE i forbindelse med bygging av to nye bruer. Ei kort samanfating av moment frå NVE si uttale følgjer:

- *Området er dekt av aktsomhetsområder for jord- og flomskred og potensialet for erosjon og skredmasser ut i Skjøli er stor dersom tiltakene ikkje er dimensjonert og utformet vassdragsteknisk tilfredstillende.*
- *Området består av morenemateriale som er lett eroderbare.*
- *Ut fra erfaringene etter flommen i oktober 2018, bør man prøve å unngå tiltak som kan øke sjansene for økt massetilførsel til Skjøle.*



- *Ved eventuell bruk av rør kan disse ikke graves veldig dypt, jf terrenget, fordi det vil gi erosjon i bakkant. Og legges rørene mer «oppå» terrenget vil de gi en barriereeffekt som kan virke uheldig både landskapsmessig, men også vassdragsteknisk.*
- *Ut fra de opplysninger som er lagt fram, vil NVE fraråde tiltaket ut fra både vassdragstekniske forhold, skredfaglige forhold og ut ifra hensynet til vassdragsverdier. For NVE er det også naturlig å se mulige konsekvenser av tiltaket opp imot at det allerede finnes vassdragskryssinger i området*

I Breheimen nasjonalpark vil naturmiljø og dyre- og planteliv kunne bli påverka negativt gjennom bl.a. menneskeleg ferdsel. I deler av året kan ferdsel i og utanfor stiger/løyper føre til uheldige forstyrningar for f.eks. sårbare rovfuglar eller våtmarksfugl. I området mellom Grotåi og Dalåi er det fleire slike hekkeplassar som krev ekstra omtanke, og forstyrring vil være ekstra uheldig i rugetida og når artene har små ungar. Bygging av nye bruer her vil opne opp området mellom elvene på ein ny måte som kan være uheldig med tanke på ferdsel ved hekkelokaliteter.

Både dei to planlagde kryssingspunkta ligg i eit område som er registrert som naturtype fossesprøytsone i Naturdatabasen og desse lokalitetane er registrert som lokalt viktig (verdi C). Generelt sett er det spesielt moser, lav og enkelte karplanter som er knytt til denne naturtypen. Fleire kan vera sjeldne og raudlista og er følsame for uttørking. Naturtypen er i fyrste rekkje påverka av vassdragsregulering som bl.a. endra vassføring, fuktighetsforhold og dynamikk i sprutpåverking.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane i området og det blir bl.a. vist til ulike villreinrapportar og informasjon i Naturdatabasen (§ 8). I forhold til ei behovsvurdering meiner nasjonalparkforvaltar at det allereie finns gode alternativ for kryssing av elvene i området og at dette er tilstrekkeleg. Tiltaket blir derfor vurdert til å ikkje vere i tråd med forvaltningsplanens retningslinjer knytt til oppføring av nye bruer da det i dette tilfellet er andre bruer som kan dekkje dette behovet. Nasjonalparkforvaltar er av den oppfatning at den eksisterande stigen som blir brukt i dag er ein brukbar ferdselsveg for beitedyra i Lundadalen. Stigen med bruer blir i dag brukt av både storfe og småfe og har fungert slik i mange tiår tilbake i tid. Ein kan ikkje belage seg på å bygge fleire bruer i eit eller fleire områder for å ta høgde for framtidige flaumar da dette kan bli forholdsvis omfattande totalt sett. Kunnskapen om effektane av det omsøkte tiltaket er også usikkert, både med tanke på påverkinga på vassdrag og på dyreliv/hekkeplassar.

Etter ei samla vurdering av momenta ovanfor der det er gjort avveging av behovet for nye bruer, påverkingane på naturen i området og sårbarheit knyta til auka ferdsel, tilrår nasjonalparkforvaltar at *føre-var-prinsippet* blir lagt til grunn i saka og at omsøkt tiltak blir avslege (§ 9). Tiltaket er vurdert til å kunne påverke verneverdiane og verneformålet på ein negativ måte. Med bakgrunn i dette vil ikkje dei andre miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova bli vurdert i saka.



Nasjonalparkforvaltar har forståing for delar av søkjar sine argument og ser at det kan vera enkelte punkt som kan opplevast som utsette for beitedyr langs dagens stig, dersom ein er uheldig. Ein bør heller sjå på moglegheiter for om det kan leggjast betre til rette langs den eksisterande traseen dersom det er punkt som er spesielt utsett.

Uttale vedrørende bru over Grjotåa i Lundadalen

Landbrukskontoret i Lom og Skjåk har vorte bedne om å komme med uttale om planlagt bru over Grjotåa i Lundadalen i Skjåk. Dette i samband med søknad om tiltak til nasjonalparkstyret. Etter gammalt var det bru over Grjotåa, men det vart fortalt at denne vart teke av isgangen i elva. Har ikkje klart å finne fakta på dimensjonen på denna brua, men dei for der med både storfe og småfe. Ved evt. brubygging over Grjotåa vil det måtta gjerast tiltak i Dalåa også, for å komme betre fram med dyr.

Beitedyr:

Siste åra er det bruka Andersbakken og Lund som har hatt storfe i Lundadalen. Breiskridu og Permoen har hatt småfe uti der. I tillegg til desse hadde bruka Nigard Lund, Eide, Tøfte (Gjeilo), Lundamo, Lunde og Norbu med fleire, dyr i dalen tidlegare. Desse har enten slutta med dyr eller vegrar seg for å ha utover dyr på grunn av traseen som vert brukt i dag. Om dei får bygge bru over Grjotåa og lage til godt kryssingspunkt i Dalåa vil fleire ha dyr utover Lundadalen, å landskapspleia vil auke.

Risiko:

Det er påpeikt som ein risiko å gå med dyr på baksida ved yste brua, om ein møter folk på det smalaste punktet der, særleg om dei har med hund. Det kan da oppstå farlege situasjonar både for folk og dyr. Ved realisering av nemnte trase, kan ein føre buskapen på setersida inn og ut heile vegen i eit tryggare landskap. Om ein liknande situasjon med flom som i oktober 2018, skulle skje før beitedyra er heim komne, kan det være ei sikkerheit å ha fleire alternativ til trase heimover at både for folk og fe.

Kløving:

På Breiskridu driv dei firmaet Fjelleventyret, i samband med dette har dei mange turar med kløv utover dalen kvar sommar, dette er mellom anna transport av varer og bagasje til yste setra som dei leiger ut, transport av utstyr i samband med reinsjakt og transport av kjøtt frå fjellet. Desse oppdraga har også vorte enklare om ein kunne fylgje den gamle traseen på setersida.

Sauesanking:

I sauesankinga, når ein kjem med større flokkar med sau, ville det være ein fordel å gå på setersida heile vegen, da denne er mykje reinare for skog og har betre landskap generelt.

Tilråing:

Om ein med dei nemnde tiltaka, med bru over Grjotåa og passasje i Dalåa vil få fleire beitedyr i Lundadalen, må det være positivt både med tanke på landskapspleie, dyrevelferd og for gardbrukarane. Område frå heimste Lundadalsetra og til Grjotåa er ikkje akkurat det minst berørte område i nasjonalparken. Det har vore gravemaskin ut dit før. Så om ein er varsam skulle ikkje inngrepa nødvendigvis verta så store.

Landbrukskontoret ser positivt på tenkte tiltak.

Skjåk 09.07.2019

Erling Dagsgard

Ola Moen
Lundavegen 219
2690 Skjåk

Skjåk, 14.10.2019

Breheimen Nasjonalpark
v/Stein Magne Grevrusten
Skjåk Utmarkssenter
2690 Skjåk

Søknad om opprusting av solsideveien i Lundadalen - Heimsetra til Grotåa.

Det er mangel på utmarksbeite i Lundagreide. Beite er det nok av i Lundadalen. Fra Heimsetra til Grotåa er det et stort område med de beste beitene i dalen som ikke blir beitet. Gjengroingen er ikke vanskelig å stadfeste.

Resultatet av å ikke vedlikeholde denne viktige strekningen fikk vi erfare i fjor høst da begge bruene forsvant i flommen, og adkomsten til Lundadalen ble fullstendig brutt. Heldigvis skjedde dette etter at alle dyrene hadde kommet hjem. Altså ikke vanskelig å skjønne at adkomst på vestsiden er helt nødvendig.

Det blir mye lettere, enklere og ikke minst tryggere for mennesker og dyr når man ikke trenger å krysse elven, spesielt ved den Yste brua. Adkomsten ned til brua er så smal at kyr ikke kan passere hverandre. Stigen er anlagt ytterst på kanten av stupet over den brølende, hvitskummende fossen. En av de siste gårdbrukerne som har dyr i Lundadalen har mistet ku utfor kanten og er i tvil om han skal utsette dyra, og ikke minst seg selv, for dette mer. Her er det blitt foretatt sikringstiltak tidligere, men stein og fjell lar seg ikke flytte med bare hender.

Viser til forskrift om verneplan for breheimen § 3. Vernereglar. Jf. pkt 1.2: "Reglane i pkt 1.1 er ikkje til hinder for: b) vedlikehald av eksisterande stiar, trasear av skiløyper, skilt, bruer, vardar og liknande, i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5." I tillegg kan forvaltningsstyremakta gi løyve til bygging av bruer og klopper, jf. § 3 pkt 1.3 c).

Vi søker herved om å ruste opp eksisterende veg på vestsiden av dalen. Dette gjøres blant annet ved å legge rør i Dalåa og bygge opp igjen bru over Grotåa slik det var før.

Kan garantere med sikkerhet at det er mange bønder som venter på å få slippe dyra sine trygt på beite i Lundadalen, og gjengroingen vil avta.

Med vennlig hilsen
Ola Moen, på vegne av eierlaget Heimraster



Arkivsaksnummer: 2021/11729-6

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 04.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	5/22	18.03.2022

Sak - Breheimen nasjonalparkstyre – 2022 – Prioritering av tiltaksmidler og andre driftsmidler

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret godkjenner sekretariatets forslag til fordeling av tildelte midlar i tiltaksplanen (sjå tiltaksplan i vedlegget). Sekretariatet får fullmakt til å arbeide vidare med tiltakslista i 2022 slik som den er presentert i styremøtet den 18. mars 2022.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Forslag til tiltaksplan for bestillingsdialogen 2022 (presentert og godkjent på styremøte 24. november 2021) og forslag til fordeling av tildelte midlar for 2022.
- Brev av 16.11.21 frå Miljødirektoratet - Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder - 2022.
 - Strategi for bruk av midlar til tiltak 2020-2025
 - Skjema for innspel om ønsket SNO-ressurs

Saksopplysningar

Breheimen nasjonalparkstyre får midlar til tiltak i verneområda gjennom budsjettpost 1420.31 som er ein statleg investeringspost og ikkje ein tilskotspost. Ut frå retningslinjene for budsjettposten skal innmeldinga utelukkande vere for midlar til tiltak i regi av

nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit, og ikkje ei liste over tiltak som kommunar, private aktørar eller andre ønskjer å utføre.

Midlane som nasjonalparkstyret kan få via denne budsjettposten skal gå til tiltak som er nødvendig for å ta vare på verneverdiane, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltak kan bl.a. omfatte opparbeiding av stigar, klopplugging og merking for å styre ferdsel i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane kan også brukast til informasjonstiltak i tråd med ny merkevare for Norges nasjonalparkar, og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller spesielle utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområdene og andre relevante styringsdokument. Prioritering vil skje i samsvar med dokumentet «Strategi for tiltaksmidler». Det blir presisert at eventuelle tiltak må være avklart med grunneigar o.a.

Tiltak i bestillingsdialogen for 2022 vart presentert i styremøte den 24. november 2021 og tiltakslista vart godkjent av nasjonalparkstyret.

Tildelte midlar for 2022

Styret:

Tildeling frå Miljødirektoratet til drift av Breheimen nasjonalparkstyre er på 240.000,- for 2022. Dette er 18.000,- mindre enn det som vart meldt inn som behov for gjennomføring av styret sine møter/aktivitet i 2022. I utrekninga er det lagt inn møter og anna aktivitet basert på erfaring frå tidlegare år. Innmeldt behov var på 258.000,-. Sekretariatet meiner likevel at årets aktivitet skal kunne gjennomførast innanfor desse rammene.

Besøksstrategi/skjøtselsplanar:

For 2022 vart det søkt om 28.000,- i samband med slutføring av besøksstrategien for Breheimen. Nasjonalparkstyret fekk tildelt 28.000,- frå Miljødirektoratet.

Sekretariatet:

Midlar til drift av sekretariatet blir tildelt via statsforvaltaren i Innlandet og statsforvaltaren i Vestland.

Bestillingsdialogen/tiltaksplan:

I Bestillingsmøte 1 den 24. november 2021 vart forslag til tiltaksplan for 2022 lagt fram for styret. Skjemaet vart godkjent av styret og sekretariatet fekk fullmakt til å endre summar og eventuelle tiltak i tråd med det som vart diskutert på møtet.

I bestillingsdialogen vart det meldt inn eit behov for 1.104.500,- og det vart tildelt 800.000,- frå Miljødirektoratet. Dette betyr at det manglar 304.500,- samanlikna med innmeldt behov.

Alle dei 16 punkta i tiltaksplanen er godkjent av Miljødirektoratet utan kommentar.

Sekretariatet er av den oppfatning at alle oppgåvene i årets tiltaksplanen kan løysast på ein forsvarleg måte innanfor dei tildelte midlane. Nasjonalparkstyret har ein god del «flaummidlar» ståande att i Luster kommune som vi kan bruke til å dekkje underskotet på årets tildeling slik at vi får gjort alle tiltaka. Vi vil også kunne nytte oss av dei andre søknadsrundane som kjem i løpet av 2022 for å eventuelt be om meir midlar dersom det viser seg nødvendig.

Oversikt over midlar for 2022

	Søkt om	Tildelt
Drift av Breheimen nasjonalparkstyre	258.000,-	240.000,-
Drift av sekretariatet (ekskl. lønnsutgifter)	-	-
Besøksstrategi/skjøtselsplanar	28.000,-	28.000,-
Bestillingsdialogen/tiltaksplan 2022	1.104.500,-	800.000,-
Sum	1.390.500,-	1.068.000,-

TILTAKSPLAN FOR BREHEIMEN 2022										Sist endret: 01.03.2022			
Prioritet	Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode	Intervall (eventuel)	Merknad / kommentar	Bestillingsmøte 1 i november 2021. Omsøkte midler: 1 104 500,-	Bestillingsmøte 2 i mars 2022 (etter tildeling av midler). Tildelte midler: 800 000,-		
										Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sitt vedtak november 2021	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sin prioritering mars 2022
1	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Slått på Knivabakkgerdet	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar på Knivabakkgerdet, nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar på Knivabakkgerdet.	2010-	Årlig	Årlig skjtselstiltak tilrådd i skjtselplanen. Slåtteeigen er totalt 26 daa. Avtale med grunneigar.	kr 27 000	kr 27 000	kr 27 000	
2	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Hautbeite med sau på Knivabakkgerdet og i Knivabakkli	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar og nasjonalparkstyret	Grunneigar på Knivabakkgerdet og i Knivabakkli	2010-	Årlig	Årlig skjtselstiltak tilrådd i skjtselplanen. Kr. 6000,- i grunnliskot + kr. 120 pr. dyr. To grunneigarar frå 2017. Begge har kring 100 vaksne dyr. Avtalar med Kjell Einar Ormberg og Tor Inge Midtun.	kr 40 000	kr 40 000	kr 40 000	
3	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Slått på Dulsete	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar på Dulsete, Statens naturoppsyn og nasjonalparkstyret	Grunneigar på Dulsete	2010-	Årlig	Årlig skjtselstiltak tilrådd i skjtselplanen. Vilkår om inngjerding og oppfølging av gjerde. Slåttegerdet på Dulsete er 11 daa. Avtale med Johannes og Elin Hauge.	kr 22 500	kr 22 500	kr 22 500	
4	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Hautbeite med sau i Grandali	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar, og nasjonalparkstyret	Grunneigar i Grandali.	2018-	Årlig	Årlig skjtselstiltak som inngår i eit program. Rune Fuglesteg har kring 100 vaksne dyr. Det vert lagt til grunnliskot på 6000 for kvar + 120 per vaksne dyr som vert slept fram att på beite etter hovudsank og klipping.	kr 20 000	kr 20 000	kr 20 000	
5	Høydalen LVO-VV0002827	Skjtsel av vegetasjon	Rydding av einer og annen vegetasjon ved Søre Høydalen	Nasjonalt parkstyret	Sekretariatet, SNO, Bruksrettsavarar, Lom fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Bruksrettsavarar, Lom fjellstyre	2021 -	Årlig	Fjerne einer m.m. i tråd med skjtselplanen. Styrt beiting av rydda areal.	kr 130 000	kr 205 000	kr 205 000	
6	Høydalen LVO-VV0002827	Skjtsel av vegetasjon	Inngjerding av areal for å få større beitetrykk på Nordre Høydalen. Rydding av einer og annen vegetasjon.	Nasjonalt parkstyret	Sekretariatet, SNO, Bruksrettsavarar, Lom fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Bruksrettsavarar, Lom fjellstyre	2021 -	Årlig	Inngjerding av areal og fjerne einer m.m. i tråd med skjtselplanen. Styrt beiting av rydda areal.	kr 80 000	kr 155 000	kr 155 000	
7	Mysubytta LVO-VV0002829	Skjtsel av vegetasjon	Skjtsel i Mysubytta lvo	Nasjonalt parkstyret	Sjåk Almanning, setereigarar	Sjåk Almanning, setereigarar	2018-	Årlig	Fjerne einer m.m. i tråd med skjtselplanen. Styrt beiting av rydda areal.	kr 80 000	kr 50 000	kr 50 000	
8	Breheimen NP - VV0002830	Informasjon	Utarbeide nye informasjonsplakater (hovedplakat og temaplakat) etter ny merkevaremal for Norges nasjonalparker.	Nasjonalt parkstyret		Sekretariat, SNO	2022-		Informasjonsplakater til informasjonspunkt Breheimen NP.	kr 150 000	kr 150 000	kr 150 000	
9	Breheimen NP - VV0002830	Informasjon	Etablere nye infopunkt med bakgrunn i prioritering i besøksstrategien.	Nasjonalt parkstyret		Sekretariat, SNO	2022-		Erstatte tavler som vart øydelagt vinter 2020 i samsvar med den nye merkevaren	kr 250 000	kr 250 000	kr 13 0500 Plus bruk av kr 119 500 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
10	Vigdalen LVO-VV0002831	Skjtsel av vegetasjon	Hautbeite med hest, inngjerding og rydding av naturbeitemark på Fjellstølen.	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar, nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2016-	Årlig	Inngjerda beiting med hest. Hovudfokus på naturbeitemark kring Vigdalsstølen, jf. skjtselplan. Oppsetting/hedattaking av gjerde, rydding av naturbeitemark.	kr 20 000	kr 20 000	Bruk av kr 20 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
11	Vigdalen LVO-VV0002831	Uttak av fremmede arter	Opprydding etter hogst av gran på Sagavollen	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Oddvar Vigdal	2022		Gran er hoggen ned, men gjenstår å rydde opp etter hogst.	kr 20 000	kr 20 000	Bruk av kr 20 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
12	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Fjerning av tisten på Dalen	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2015-	Årlig	Tiltak vart starta i 2015 og har hatt god verknad. Tiltaket bør følgjast opp nokre år til.	kr 15 000	kr 15 000	Bruk av kr 15 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
13	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Rydding, slått og beite på Liane	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar, evt Skjolden bygdeservice	2022		I samsvar med skjtselplan skal stelsvellen kring Liane ryddast.	kr 20 000	kr 20 000	Bruk av kr 20 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
14	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Fristilling og nedskjering av alm i Mørkridsdalen	Nasjonalt parkstyret	Skjolden sanelag, nasjonalparkstyret og SNO	Profesjonell trepleiar, anbod	2021-2025	Årlig	Skjtsel av styva alm i etter tilrådding i skjtselplanen.	kr 80 000	kr 80 000	Bruk av kr 80 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
15	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Skjtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekst, slå og rake på Knivabakkli	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -		Oppfølging av tiltak i 2020 der ein tek oppskott av bjerk og einer, tyrhjelm og brennese.	kr 10 000	kr 10 000	Bruk av kr 10 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
16	Vigdalen LVO-VV0002831	Skjtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Breidsete	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -		Rydding og slått som skildra i skjtselplan	kr 10 000	kr 10 000	Bruk av kr 10 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
17	Vigdalen LVO-VV0002831	Skjtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Drivande	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -		Rydding og slått som skildra i skjtselplan	kr 10 000	kr 10 000	Bruk av kr 10 000 av "flaummidlane" som står i Luster kommune.	
		Kunnskapsinnhenting	Gjennomføre sårbarhetsvurdering av Dumdalsgrottene	Nasjonalt parkstyret		Sekretariat, SNO og UIB	2022		ikke fått overslag fra UIB over kostnad enda.			Bruk av "flaummidlane" som står i Skjåk Almanning. Ca kr 100 000	
18	Breheimen NP - VV0002830	Kunnskapsinnhenting	Ferdselstellers for å registrere ferdsel: • i sårbare grotter i Dumdalen • på sti rett gjennom sårbart villreiområde i Raudalen i samarbeid med Justedalstølen NP. • stor ferdsel inn i nasjonalparken på Lomsseggen som ikke er registrert enda.						Vi har to ferdselstellers i Breheimen fra før. Trenger to ferdselstellers til for å få gjort disse registreringene i 2022.				
19	Breheimen NP - VV0002830	Tilrettelegging/restaurering	Flaumen i Skjåk - Skader på infrastruktur Breheimen	Nasjonalt parkstyret			2018 - 2022		Ligger fortsatt midler til egenandel Naturskadefondet i Skjåk Almanning (Rest: 217.590,-). Fullføres i løpet av 2022.	kr 0			
20	Høydalen LVO-VV0002827	Tilrettelegging	Reparere fundament til bru over Høya Høydalen LVO.	Nasjonalt parkstyret		Stibyggiaren, SNO	2022		1-2 dager med arbeid.	Midlar i Luster kommune?		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
21	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Tilrettelegging	Utbedring buforvegen i Mørkridsdalen: Stortjodni, Svinetjodni, Haugsvegen, Råsamyri, Dulsetesvål	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarlag, beitelag, nasjonalparkstyret, SNO	Stibyggiaren	2022		Flere punkt og strekningar er utfordrande for å få inn dyr på beite.	Midlar i Luster kommune?		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
22	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Restaurering	Restaurere steingjerde på Dulsete.	Nasjonalt parkstyret	Grunneigarar Dulsete, Nasjonalparkstyret, SNO	Stibyggiaren, SNO	2020-2023		Prosjekt over flere år. Nedprioritert i 2019 pga flaumen, ingen tiltak i 2020 pga manglande arbeidskraft. Om arbeidskraft kjem i 2021 kan ein nytte midler i Luster kommune til tiltaket.	Midlar i Luster kommune?		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
23	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Tilrettelegging	Grusing buforvegen Kakkhalsgjerde	Nasjonalt parkstyret	Skjolden Grunneigarlag, Skjolden Sanelag, Nasjonalparkstyret, SNO	Skjolden bygdeservice	2022		Krevjande del av buforveg i fossesprøyt som særskilt om hausten kan vere farleg for folk og dyr når det fryr. Grus frå elva ligg ved Høgdnevollen og er planlagt flydd inn med bigbag. Står att litt frå 2021.	Midlar i Luster kommune?		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
24	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Tilrettelegging	Flytte stein frå slåtteeng ved Grassy til Stortjodni, der dei kan nyttast som bank.	Nasjonalt parkstyret	Skjolden Grunneigarlag, Skjolden Sanelag, Nasjonalparkstyret, SNO	Skjolden bygdeservice	2022		Flotte steinar vart henta i elva i samband med etablering av buforveg gjennom Grassy. Dette vart ikkje nytta og ligg i dag midt på slåtteeng. Dei bør fjernast frå slåtteenga og kan vere fine sittebenkar ved turmålet Stortjodni.	Midlar i Luster kommune?		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
25	Mørkridsdalen LVO-VV0002832	Restaurering	Restaurering av sti Rebni - Skori - Myrasete	Nasjonalt parkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Stibyggiaren, SNO	2020	2018-2022	Vart nedprioritert i 2019 pga flaumen. Stien er tenkt tilbakeført til kløvst for kløvestar på den gamle traseen. Tiltak starta i 2016, er tenkt gjennomført mellom Rebni og Myrasete (2016-2018 vart gjennomført mellom Rebni og Skristølen). Grunneigar, Geirr Vetti, vil gå inn med ein vesentleg eigedel i prosjektet. Settast på vent, snerpaarbeid. Ikke gjort noko i 2020	kr 0		Bruk av "flaummidlane" som står i Luster kommune ved behov.	
SUM:										kr 984 500	kr 1 104 500	kr 800 000 Totalt kr 1 104 500 inkludert flaummidlane.	kr 0

ST 6/22 Referatsaker /

Fagleg godkjenning av besøksstrategien for Breheimen NP. 2021/2684

ST 7/22 Delegerte vedtak /

DS 1/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Snødekt mark - Sota sæter - Styggevasshytta - JOSTICE 2021/3660

DS 2/22 Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2022 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Arentzbu - DNT Oslo og omegn 2022/2726

DS 3/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorisert ferdsl - Vigdalen LVO - 2022-2025 - Oddvar Vigdal 2022/2710

DS 4/22 Delegert vedtak - Mysubytta LVO - 2022 - Dispensasjon - Transport av bagasje og utstyr - Ivar og Gudmund Teigen 2022/2653

DS 5/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av båt - Rolv Flækøy 2022/2568

DS 6/22 Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2021 - Dispensasjon - Transport med helikopter eller snøskuter i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken 2021/12625

DS 7/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - transport av utstyr i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken 2021/12625